

REGIONPLAN

HALLINGDAL

FLÅ - NES - GOL - HEMSEDAL - ÅL - HOL



Samandrag av Regionplan for Hallingdal - 1973

REGIONPLANRÅDET FOR HALLINGDAL

Formann:

Osvald Medhus

3576 Hol - tlf. Geilo 9231

Sekretariat:

Regionplanleggjaren

Fylkeshuset, 3000 Drammen - tlf. (02) 83 36 80*

INNHALD:

Orientering om regionplanarbeidet	7
Innleiing	9
Bygningslova — regionplan	9
Regionale oppgåver	9
Retningslinjer for planarbeidet	10
Ajourføring, revisjon av planen	10
Kap. I. Kort omtale av regionen	11
Kap. II. Registrering, utgreiing om utviklinga	15
— Folketalet, busetjinga	15
— Næringslivet	21
— Inntektsnivå	22
— Kommuneøkonomien	27
— Naturressursane	28
Kap. III. Regional utvikling	30
1. Hovudmål	30
Vekstramme — lokaliseringsmønster	30
— Mål for folketal og utvikling i næringslivet	30
— Lokaliseringsmønster	32
2. Delmål	39
A. Full sysselsetjing, økonomisk vekst, rimeleg inntektsforde- ling og utviklinga i næringslivet	40
B. Skapa og ta vare på trivelege bustadmiljø	41
C. Gode servicetilbod	41
— Kultursektoren	41
— Helse- og sosialsektoren	42
— Skulesektoren	42
— Idretts-, fritidssektoren	42
— Kommersiell service	43
D. Ta vare på naturressursane	44
— Produksjonsområda	45
— Vassdraga	46
— Lufta	46
— Viktige regionale område for friluftsliv og naturvern	47
E. Godt utbygd kommunikasjonstilbod	48
— Vegnett	49
— Jernbane	52
— Flyplass	52
— Rutebiltrafikk	52
F. Samordna regional utbygging	54
— Føresetnadene	54
— Utbyggingspolitikk	54
— Ansvars- og kostnadsfordeling ved utbygging	54
— Behov for overføringer	54
Kap. IV. Vidare arbeidsoppgåver	55
Kap. V. Sluttord	56

Samandrag av

Regionplan for Hallingdal - 1973

REGIONPLANRÅDET FOR HALLINGDAL

Formann:

Osvald Medhus

3576 Hol - tlf. Geilo 9231

Sekretariat:

Regionplanleggjaren

Fylkeshuset, 3000 Drammen - tlf. (02) 83 36 80*

INNHALD:

Orientering om regionplanarbeidet	7
Innleiing	9
Bygningslova — regionplan	9
Regionale oppgåver	9
Retningslinjer for planarbeidet	10
Ajourføring, revisjon av planen	10
Kap. I. Kort omtale av regionen	11
Kap. II. Registrering, utgreiing om utviklinga	15
— Folketalet, busetjinga	15
— Næringslivet	21
— Inntektsnivå	22
— Kommuneøkonomien	27
— Naturressursane	28
Kap. III. Regional utvikling	30
1. Hovudmål	30
Vekstramme — lokaliseringsmønster	30
— Mål for folketal og utvikling i næringslivet	30
— Lokaliseringsmønster	32
2. Delmål	39
A. Full sysselsetjing, økonomisk vekst, rimeleg inntektsforde- ling og utviklinga i næringslivet	40
B. Skapa og ta vare på trivelege bustadmiljø	41
C. Gode servicetilbod	41
— Kultursektoren	41
— Helse- og sosialsektoren	42
— Skulesektoren	42
— Idretts-, fritidssektoren	42
— Kommersiell service	43
D. Ta vare på naturressursane	44
— Produksjonsområda	45
— Vassdraga	46
— Lufta	46
— Viktige regionale område for friluftsliv og naturvern	47
E. Godt utbygd kommunikasjonstilbod	48
— Vegnett	49
— Jernbane	52
— Flyplass	52
— Rutebiltrafikk	52
F. Samordna regional utbygging	54
— Føresetnadene	54
— Utbyggingspolitikk	54
— Ansvars- og kostnadsfordeling ved utbygging	54
— Behov for overføringer	54
Kap. IV. Vidare arbeidsoppgåver	55
Kap. V. Sluttord	56

TABELLOVERSYN:

Tabell 1. Flateinnhald	11
Tabell 2. Folketalet 1855—1973	11
Tabell 3. Produksjonsareal	13
Tabell 4. Normal årsnedbør	13
Tabell 5. Månadleg medeltemperatur	13
Tabell 6. Naturleg folketilvekst	15
Tabell 7. Nettoflytting	16
Tabell 8. Nettotilvekst	16
Tabell 9. Yrkesaktive i % av aldersgruppa 16—69 år	18
Tabell 10. Yrkesaktive 1950—1990	18
Tabell 11. Aldersgruppa 0—6 år, 7—15 år og 16—19 år, 1980—1990 ..	18
Tabell 12. Aldersgruppa over 70 år. 1980—1990	19
Tabell 13. Tett busetjing, 1980—1990	20
Tabell 14. Bruksstruktur i jord- og skogbruk, 1968	21
Tabell 15. Struktur industribedriftene, 1970	22
Tabell 16. Omsetning turistbedriftene, 1967	23
Tabell 17. Sysselsetjing, personar og arbeidslengd	23
Tabell 18. Investeringar turistnæring, 1970—1985	25
Tabell 19. Pårekna hyttetal år 2000	25
Tabell 20. Omsetning varehandel	26
Tabell 21. Omsetning varehandel	27
Tabell 22. Inntekt pr. innbyggjar 1960—1970	27
Tabell 23. Skatt på inntekt og formue 1966—1969	27
Tabell 24. Bruttoinntekter 1970	28
Tabell 25. Bruttoutgifter etter formål 1960—1970	28
Tabell 26. Avsetning over driftsbudsjett 1960—1970	28
Tabell 27. Utvikling folketal 1960—1990	31
Tabell 28. Arbeidsplassutvikling 1960—1990	31
Tabell 29. Vekstrammer 1960—1990	32

FIGUROVERSYN:

Figur 1. Folketal 1975—1973	15
Figur 2. Alderssamansetning	16
Figur 3. Folketal 1960—1990	17
Figur 4. Tett og spreidd busetjing 1930—1990	19
Figur 5. Næringslivsutvikling, 1960—1970	21
Figur 6. Arbeidslengd turistnæringa 1968	24
Figur 7. Turistnæringa, variasjon i sysselsetjing over året 1968	24
Figur 8. Turistnæringa, aldersstruktur arbeidstakarar, 1968	24
Figur 9. Turistnæringa, heimstad arbeidstakarar, 1968	25
Figur 10. Utvikling i folkemengda 1960—1990	30

KARTFIGUROVERSYN:

Kartfigur 1. Oversyn over Hallingdalsregionen	11
Kartfigur 2. Omland Hallingdal — avstandar	12
Kartfigur 3. Hallingdalsvassdraget	14
Kartfigur 4. Busetjingskart 1970	20
Kartfigur 5. Sentrumsfunksjonar — service	33
Kartfigur 6. Lokalisering service	34
Kartfigur 7. Lokalisering turisme	36
Kartfigur 8. Lokalisering industri	37
Kartfigur 9. Lokalisering service og industri	39
Kartfigur 10. Tettstader — plansituasjon	42
Kartfigur 11. Viktige servicetilbod	43
Kartfigur 12. Produksjonsområde	44
Kartfigur 13. Avlaup, renovasjon	45
Kartfigur 14. Vassforsyning	46
Kartfigur 15. Område for friluftsliv og naturvern	47
Kartfigur 16. Kommunikasjonar	48
Kartfigur 17. Alt. ferjefri hovudveg, Oslo—Bergen	49
Kartfigur 18. Innkorting av R.v. 7, Sokna—Ørgenvika	51
Kartfigur 19. Bergensbanen Hønefoss—Oslo via Åsalinja	53

Regionplan for Hallingdal — 1973

Regioninndelinga og samansetjinga av regionplanrådet var klart i 1966, og regionplanrådet vart konstituert den 18. januar 1967.

I arbeidet med regionplanen har regionplanrådet hatt fleire fagutval. Jord- og skogbruksutval, utval for industri og næringsliv, turistutval, kommunikasjonsutval, teknisk utval, helse- og sosialutval, kulturutval, idretts- og friluftsutval og utval for vidaregåande skular. Gjennom desse utvala søkte ein eit samarbeid med offentlege styresmakter og organisasjonar m. v. som hadde interesse for planarbeidet.

I oktober 1966 peikte regjeringa ut Hallingdal som utviklingsområde. Det vart skipa eit samarbeidsutval mellom regionen, Fylkesmannen i Buskerud, Kommunal- og arbeidsdepartementet, Industridepartementet og Distriktenes utbyggingsfond.

Arbeidet med regionplanen starta opp som eit kombinert region- og generalplanarbeid. Generalplanarbeidet vart avslutta i 1970 da det vart utarbeidd kommunehefte for kvar kommune. Kommunane i Hallingdal tilsette eigen generalplanleggjar.

Utkast til regionplan og fagutvalsinnstillingane vart sende kommunane til drøfting og fråsegn i 1970. Samstundes vart regionplanmaterialet sendt Buskerud fylke og etatar og organisasjonar til orientering. Og ein ba om førebels fråsegn.

Regionplanrådet tok til med drøftinga av regionplanmaterialet på nyåret 1972. Drøftingane vart organisert slik at regionplanrådet hadde arbeidsmøte på dei ymse kapittel i regionplanen. Denne møteserien vart slutta ved utgangen av året.

Medlemmene i regionplanrådet er nå:

Osvald Medhus, formann.

Kåre Brusletto, Hol.
Ingeborg Berg, Hol.
Martin Storedal, Ål.
Lars T. Bjella, Ål.
Svein Eikre, Hemsedal.
Ola K. Flaget, Hemsedal.

Olav H. Bakke, Gol.
Ola Storla, Gol.
Karl Aalton, Nes.
Olaf Øen, Nes.
Olav Steinmoen, Flå.
Ivar Thorset, Flå.

I arbeidet med regionplanen var jordskifte kandidat Kristen Øyen engasjert i tida 1.7. 1966 til 1.7. 1970. Jordskifte kandidat Dag Ørjansen var i 1968 engasjert i regionplanarbeidet. Jordskifte kandidat Petter Flatland har vore engasjert som regionplanleggjar frå 1.8. 1967. Torill Jensen har hjelpt til med skrive- og reknearbeid.


Regionplanarbeidet har vore finansiert av kommunane med tilskott frå Kommunal- og arbeidsdepartementet og Miljøverndepartementet. Buskerud fylke har dekt kontorutgiftene og 50 % av utgiftene med regionplanleggjaren frå 1970.

Ein fann det praktisk å laga eit samandrag av Regionplan for Hallingdal som nå ligg føre i dette heftet.

Vi vil takke alle som på ymse måtar har hjelpt til med planleggingsarbeidet, for aktiv innsats og godt samarbeid.

Regionplan for Hallingdal går nå til vidare behandling i Buskerud fylke og godkjenning av Miljøverndepartementet.

Hallingdal, den 16. mars 1973.

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Olaus Mørch".

formann

Petter Natland
regionplanleggjar

Innleiing

Bygningslova,
regionplan

Grunnlaget for regionplanarbeidet er bygningslova frå 18. juli 1965.

Bygningslova § 18

I § 18 heiter det m. a.:

«Ved regionplan forstås i denne loven en oversiktsplan for samordning av utnytting av grunn og for felles løsning av spørsmål om anlegg og innretninger til dekning av allmenne behov i 2 eller flere kommuner.

Regionplanen skal tjene som rettleiing ved utarbeiding av generalplaner og reguleringsplaner.

Når det trengs felles planlegging i 2 eller flere kommuner for å samordne utnyttingen av grunn, så som til byggeområder, jord- eller skogbruksområder, naturområder, trafikklinjor og andre kommunikasjonsanlegg, eller for felles løsning av vann- og kloakkspørsmål eller andre spørsmål av felles interesse, skal kommunene ta opp samarbeid om regionplan.

For hvert regionplanområde skal det være et regionplanråd som skal ha ansvaret for og ledelsen av regionplanarbeidet og behandle spørsmål av betydning for regionplan som er vedtatt.

Rådet skal ha en formann og representanter fra alle deltakingende kommuner.

Rådet skal på et så tidlig tidspunkt som råd er søke samarbeid med offentlige myndigheter, organisasjoner m. v. som har interesser i planarbeidet.»

Hovudtanken med ein regionplan er å få til ei samordning for bruk av grunn og eit samarbeid om andre felles oppgåver i regionen.

Dei regionale
oppgåver

Del felles oppgåvene er i Regionplan for Hallingdal berre ført så langt det trengst for den kommunale planlegginga og slik at dei kan vera grunnlag for ei samordning mellom kommunane når det gjeid utbygginga.


Meir konkret er hovudoppgåvene i regionplanarbeidet:

- **El samla vurdering av dei offentlege institusjonane og av næringslivet. Dette som grunnlag for eit lokaliseringmønster og ein utbyggingspolitikk som kan gjennomførast ved samarbeid og fordeling av oppgåvene mellom kommunane.**
- **Utbygging av samferdselstilbodet. Dette ved vurdering av vegnett, jernbane, flyplassar og kommunikasjonsmiddel som må sjåast under eitt i regionen.**
- **Utnytting av Hallingdalsvassdraget. Vassdraget må vurderast under eitt i regionen, og det må trekkjast opp retningslinjer for ein samordna bruk av vassdraget.**
- **Hovudtrekka i arealdisponeringa må vurderast under eitt i regionen. Det må leggjast opp samordna retningslinjer for bruken av areala.**
- **Del private, kommunale, fylkeskommunale og statlege investeringar må samordnast. I regionplanen blir det i fyrste rekkje å koma fram til eit lokaliseringmønster og ein utbyggingspolitikk som kan gjennomførast ved eit samarbeid og ei fordeling av oppgåvene.**

Retningslinjer for regionplanarbeidet	Under drøftinga av regioninndelinga vart det i fylkesmannens framlegg til fylkestinget understreka at ein i planlegginga i dei indre delar av Buskerud måtte leggje vekt på at planlegginga vart aksjons-/tiltaksretta. Dei meldingar og innstillingar som særleg har omtala regionplanarbeidet, og hatt verknad på utforminga av regionplanen, er: — St.meld. nr. 87 (1966—67). Om distriktsplanlegging. — St.meld. nr. 6 (1970—71). Om arbeidet med prøvesentrene og utviklingsområdene. — St.meld. nr. 27 (1971—72). Om regionalpolitikken og lands- og landsdelplanleggingen. — Innstilling fra Østlandskomiteén. — Regjeringenes langtidsprogram. — Perspektivanalyser. Skisser for utviklingen fram mot 1990. Vedlegg til St.meld. nr. 55 (1968—69). Langtidsprogrammet 1970—1973.
Ajourføring, revisjon av planen	Planlegging er eit hjelpemiddel til å nå ei ønskt utvikling. Samfunnet er stadig under endring, og føresetnadene for planen kan difor i stor monn bli endra. Regionplanen må difor ikkje bli oppfatta som eit statisk dokument, men som eit dokument som, når det er aktuelt, blir teke opp til revisjon. I dette ligg det at ein i tida frametter må kontrollere både om utviklinga er i samsvar med planen og om planen svarar til den ønskete utviklinga. Dette kan berre framtida svara på. Ein må difor til kvar tid ha eit ajourført grunnlagsmateriale å dømme ut frå.
Endring av planen	I fyrste rekkje inneber dette at kap. II og vekstrammene i kap. III blir ajourførte med jamne mellomrom. Dette materialet vil syne om ein må endre dei mål og det lokaliseringsmønster ein har vedteke for den regionale utviklinga. Bygningslova gjev rom for dette. I § 18.6 står det «at regionplanen blir tatt opp til revisjon når forholdene tilsier det».

Kap. I. Kort omtale av regionen

Hallingdalsregionen er ein av dei fire regionane i Buskerud fylke. Kommunane Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol utgjer regionen.



Kartfigur 1. Oversyn over Hallingdalsregionen.

Hallingdalsregionen ligg i dal- og fjellbygdområdet på Austlandet. Geografisk grensar regionen i aust mot Krødsherad og Sigdal kommune og i vest mot Hordaland og Sogn og Fjordane fylke. I sør og nord går regiongrensa mot Numedal i Buskerud fylke og Valdres i Oppland fylke.

Tabell 1. Flateinnhald.

Flateinnhald

Flateinnhald	% av fylket
5 496,44 km ²	39,39

Tabell 2. Folketalet 1855—1973.

Folketal

1855	1900	1930	1950	1960	1970	1973
14 787	12 583	14 368	16 884	17 130	17 562	18 099


Historikk,
administrativ
inndeling

Dei nåverande kommunane høyrde i 1837 til prestegjelda Nes, Gol og Ål. I perioden fram til om lag 1900 vart Hol skild ut frå Ål, Hemsedal frå Gol og Flå frå Nes. Dagali høyrde til 1944 til Uvdal kommune, men vart då ført over til Hol kommune.

Ved siste revisjonen av kommunegrensene vart det framlegg om at Flå skulle slåast saman med Nes kommune. Det vart seinare avgjort at kommunane i Hallingdal skulle vera som før.

Ferdselsårer

Frå gammal tid av har det vore viktige ferdselsårer frå og til Aust- og Vestland gjennom Hallingdal. Bergensbanen går gjennom regionen der Geilo ligg om lag midt mellom Oslo og Bergen. Avstanden frå Geilo til desse større byområda er om lag 250 km med ei reisetid på om lag 3 timar. Vegnettet skaper og samband med desse større byområda. Riksveg 7 er ein hovudveg mellom Oslo—Bergen. Riksveg 52 over Hemsedal er i dag ein hovudveg mellom Austlandet og Sogn og Fjordane. Riksveg 8 og riksveg 49 skaper samband med Numedal og Valdres.



Kartfigur 2. Omland Hallingdal — avstandar.

Servicefunksjonar	Drammen har ein stor del av den fylkeskommunale administrasjonen, men Hønefoss er det byområdet som ligg nærmast. Med Ringerike sjukehus, stor varehandel og anna dekkjer Hønefoss fleire viktige servicefunksjonar for Hallingdal.
Naturgrunnlaget	Regionen høyrer til dal- og fjellområda på Austlandet. Om lag 70 % av arealet ligg meir enn 900 m.o.h. og berre om lag 10 % av arealet ligg mindre enn 600 m.o.h.
Topografien	Hovuddalføret er heller trengt med bratte dalsider, og fleire bygdelag greinar seg ut frå hovuddalføret. Dalføret stig jamt oppover. Flå ligg 135 m.o.h., Geilo 770 m.o.h. og Trøym i Hemsedal 610 m.o.h.
Geologi	I dei nordlege delane av Hallingdal er fjellgrunnen eruptive, kambro-siluriske sedimentbergartar, eokambriske bergartar (kvartssandstein) og grunnfjell med ymse samansetjing. Her har vi leirskiferen, som «glinsande skifer» i fylitt og glimmerskifer. I desse områda har vi dei gode dyrkingsareala i fjellområda i Hallingdal. I resten av Hallingdal er berggrunnen grunnfjell. Lausavsetjingane er stort sett eit tunt lag med bregrus, som regel bothmorene.
Jord- og skogbruk	Vel 20 % er produktive skogareal, og om lag 2 % av areala er jordbruksområde. Resten, om lag 80 %, er fjellområde.

Tabell 3. Produksjonsareal.

Jordbruksareal	Produktivt skogareal
94,66 km ²	1 134,43 km ²

Vassdraga	Dei rike kraftkjeldene i Hallingdal vart utbygde i tidsrommet 1945—1968, i hovudsak av Oslo lysverker. Det er 10 kraftverk med samanlagt installasjonar på om lag 900 megawatt. Nyttbar vasskraft om lag 480 000 kW (årsgangskraft).
-----------	--

Om lag 80 % av arealet i regionen ligg i nedslagsfeltet til Hallingdalsvassdraget. Resten soknar til Numedalslågen og Begna og Aurdalsvassdraget.

Sjå kartfigur 3.

Hallingdalselva kjem frå nokre mindre innsjøar ved Hardangerjøkulen og renn ut i Drammenselva ved Geithus. Hemsilvassdraget kjem frå ein innsjø (1 692 m.o.h.) nord for Raubergnuten og renn saman med Hallingdalselva i Gol.

I dei øvre delane av vassdraga har ein større fall, men på strekninga frå Gol til Krøderen er elva meir stiltflytande og har ein meir innsjøprega utsjånad. Fallet på denne strekninga (43 km) er berre 30 m, med andre ord eit fall på 0,7 m pr. km.


Klima	Klimaet i Hallingdal er innlandsprega med varm sommar og kald vinter.
-------	---

Tabell 4. Normal årsnedbør.

Haugastøl	Nesbyen	Buskerud
669 mm	460 mm	716 mm

Tabell 5. Månadleg medeltemperatur (1931—1960).

	Haugastøl	Nesbyen	Buskerud
Januar	÷ 10	÷ 11	÷ 8
Juli	+ 11	+ 16	+ 17



Kartfigur 3. Hallingdalsvassdraget.


Kap. II. Registrering og utgreiing om utviklinga

Folketalet

FOLKETAL OG UTVIKLINGA I FOLKETAL

UTVIKLING I FOLKETAL FRAM TIL IDAG

Ei utgreiing om utviklinga i folketalet har mykje å seia i langsiktig planlegging. Storleiken og samansetninga vil til kvar tid vera avgjerande for utbygginga av arbeidsplassstilbod, skuleverk, helse- og sosialtenesta, bustadbygging, dimensjonering for vatn og avlaup m.v.



Figur 1. Utviklinga i folketalet i Hallingdal 1875—1973.


Naturleg folketilvekst

Utviklinga i folkemengda er eit resultat av flytting og naturleg tilvekst. Den naturlege tilveksten — differensen mellom fødde og døde — har endra seg gjennom tida. Endringane i fødselstal og talet på døde i dei enkelte aldersklassene vil likevel ha mindre innverknad på utviklinga i folketalet i Hallingdal. Det mest avgjerande for utviklinga i folketalet er dei flyttingane ein får som ein seinare skal koma attende til.

Tabell 6. Naturleg folketilvekst i Hallingdal. Gj.snitt pr. år.

	1950—1959	1960—1969	1970—1973
Fødde	290	269	237
Døde	150	180	174
Fødselsoverskott	140	89	63

På liknande måte som i landet elles har fødselstala gått ned, men den viktigaste årsaka til nedgangen i fødselstalet i Hallingdal er likevel den skeive alderssamansetninga som ein vil sjå i neste figur. Dette har si årsak i utflyttinga i dei yngre aldersklassene.



Figur 2. Alderssammansetning 1970.

Som tidlegare nemt har flyttingane mest å seia for utviklinga i folketalet. Av tabellen går det fram at utflyttinga var størst i 1950-åra. Dei relativt

Tabell 7. Nettoflytting i gj.snitt pr. år.

Nettoflytting

1950—1959	1960—1969	1970—1973
÷ 109	÷ 50	+ 121

gunstigare flyttetala i 1960-åra har samanheng med den store kraftutbygginga i fyrsten av denne perioden. Dei gunstige flyttetala nå i 1970-åra har samanheng med den utbygginga som har skjedd i næringslivet, særleg innan nyskipa industri og i skuleverket.

I tillegg til utflyttinga i regionen har det skjedd flytting både innan den enkelte kommune og innan regionen. Desse flyttestraumane har gått frå ytterkantane til dei meir sentrale delane av kommunane og regionen.

Ved å leggje saman naturleg folketilvekst og nettoflytting kjem ein fram til netto tilvekst i folketalet.

Tabell 8. Nettotilvekst i folketalet 1950—1973 i gj.snitt pr. år i periodane:

Nettotilvekst

	1950—1959	1960—1969	1970—1973
Naturleg tilvekst	+ 140	+ 89	+ 63
Nettoflytting	÷ 109	÷ 50	+ 121
Netto tilvekst	+ 31	+ 39	+ 184

Pendling

I regionen var det i 1968 179 innbyggjarar som pendla innan regionen. Ein pendlar har ikkje bustad og arbeidsstad i same kommunen i regionen.

I regionen var det ei utpendling til andre regionar i 1968 på 442 personar, mens det var ei innpendling frå andre regionar på 367 personar. Ein stor del av innpendlinga utgjer sysselsette i turistnæringa, medan utpendlarane er personar i bygg- og anleggssektoren.

Utvikling i folketallet framover

Som ein har peika på, er det særleg flyttingane som vil påverke folkemengda i Hallingdal framover. Ei vurdering av den pendlinga og dei flyttestraumane ein har hatt til og frå regionen, kunne ha gjeve eit sikrare grunnlag å byggje på når ein ville setja opp ei utgreiing for utviklinga i folketallet framover. Ein har ikkje hatt ressursar til å gjennomføre dette, og ein nyttar difor dei seinaste utgreiingane til Statistisk Sentralbyrå.


Dei føresetnadene utgreiinga om utviklinga i folketallet er bygd på er:

- Alt. 1. Nullflytting, dvs. balanse i inn- og utflytting. Fødselstal som i gjennomsnitt for perioden 1968—1971. Framskriving 1972.
- Alt. 2. Flyttekomponent utrekna av flyttingane i 1968—1971. Fødselstal som i gjennomsnitt for perioden 1968—1971. Framskriving 1972.
- Alt. 3. Flyttekomponent utrekna av flyttingane i 1966. Fødselstal som for 1966. Framskriving 1968.
- Alt. 4. Nullflytting, dvs. balanse i inn- og utflytting. Fødselstal som for 1966. Framskriving 1968.

Etter alt. 1 og alt. 4 vil ein få ein vekst som tilnærma er lik veksten i gjennomsnitt for heile landet.

Føresetnadene for alt. 1 og alt. 4 er dei same: nullflytting. Men som ein vil sjå, er det ein skilnad i folketallet i 1990 med om lag 1 300 menneske. Den tendensen ein har med mindre barnerike familiar og eit lågare fødselstal er medrekna i alt. 1, og ein har difor denne skilnaden.

Folketal



Figur 3. Utvikling i folketallet 1960—1990.

I alt. 2 og alt. 3 er det lagt til grunn flyttetall, men dei er rekna med utgangspunkt i ulike tidbolkar. I alt. 2 er flyttingane som i gjennomsnitt for perioden 1968—1971 lagde til grunn, men i alt. 3 er flyttinga for 1966 lagd til grunn. I 1966 hadde ein utflytting frå Hallingdal, men i perioden 1968—1971 hadde ein omkring balanse mellom inn- og utflytting. Resultatet av dette ser ein i skilnaden i folketalet i 1990 mellom alt. 2 og alt. 3.

I dei vidare utgreiingane legg ein til grunn ei utvikling i folketalet etter alt. 1 og alt. 3 då dei klårast viser konsekvensane av dei alternative utviklingane i folketalet.

Yrkesaktiv
folkemengd

Den yrkesaktive folkemengda utgjorde i 1950 60,9 % av folkemengda mellom 16—69 år, i 1960 57,7 % og i 1970 55,9 %. At prosenten av yrkesaktive har gått ned frå 1950—1970 heng saman med at ein har hatt auka utdanningstid. Ei senking av pensjonsalderen vil og føre til ein lågare prosent yrkesaktive. Eit auka arbeidsplassstilbod for kvinner vil føre til ein prosentvis auke av yrkesaktive.

Tabell 9. Yrkesaktive i % av aldersgruppa 16—69 år.

	Statistikk			Pårekna utvikling	
	1950	1960	1970	1980	1990
Hallingdal	60,9	57,7	55,9	55	55
Noreg		60,0	59,4		

Folkemengd i yrkeslivet 1950—1970. Pårekna utvikling fram til 1990. Dette gjev opplysningar om den utbygginga ein må ha i næringslivet for å nå dei alternative folkemengder.

Tabell 10. Yrkesaktive 1950—1990.

År	Personar i aldersgruppa 16—69 år	Yrkesfrekvens	Yrkesfolkemengd
1950	11 431	60,9	6 961
1960	11 042	57,7	6 371
1970	11 435	55,9	6 394
1980			
Alt. 1	11 980	55	6 590
Alt. 3	11 400	55	6 270
1990			
Alt. 1	12 200	55	6 710
Alt. 3	11 560	55	6 350

Førskule- og
utdannings-
gruppene

Det offentlege har eit klart ansvar ved å planleggje og byggje ut samfunnet slik at det høver for desse aldersgruppene. Dette gjeld utbygging av førskuleinstitusjonar, dagheimar, skular, fritidstilbod m. v.

Tabell 11. Aldersgruppene 0—6 år, 7—15 år og 16—19 år, 1980—1990.

	0—6 år	7—15 år	16—19 år
1980			
Alt. 1	2 110	2 470	1 120
Alt. 3	1 930	2 460	1 080
1990			
Alt. 1	2 350	2 780	1 100
Alt. 3	2 290	2 710	1 080

Utdanningstida og utdanningstilbodet er bygd sterkt ut. Reknar ein med at ein vil ha eit kull på 275 personar som avsluttar si utdanning og går ut i arbeidslivet i 1980, vil fordelinga dette året vera:

- Om lag 40 med universitets- og høgskuleutdanning.
- Om lag 60 med distriktshøgskule eller medels spesialutdanning.
- Om lag 100 med 12 års skulegang.
- Om lag 75 med 9-årig utdanning.

Skal dei som veks opp i Hallingdal få arbeid i regionen, må det skaffast eit arbeidsplassstilbod som høver for desse utdanningsgruppene.

Dei eldre

Samfunnet har eit klart ansvar for å gje tilbod som lettar levevilkåra for dei eldre, dei som er over 70 år (67 år).

Tabell 12. Aldersgruppa over 70 år 1980—1990.

	70 år og eldre
1980	
Alt. 1	2 010
Alt. 3	2 010
1990	
Alt. 1	2 130
Alt. 3	2 110


UTVIKLINGA I BUSETJINGA

Busetjing

Busetjingsutviklinga vil i høg grad vera avhengig av den lokaliserings- og utbyggingspolitikken som blir ført i regionen. Målet er trivelege bustad-område med gode servicetilbod, vern av naturressursane og ei samordning i utbyggingstiltaka. Dette inneber at hovudtyngda av den nye busetjinga blir i bygde- og kommunesentra. Ei utbygging av fellesanlegg vil bli vanskeleg om utbygginga skjer spreidd og på slump.


For utviklinga i busetjinga legg ein til grunn alt. 1 for utviklinga av folketallet. Den utviklinga ein har hatt og dei utrekningane ein har gjort for utvikling av ny busetjing syner:

Spreidd/tett busetjing



Figur 4. Tett og spreidd busetjing 1930—1990.

Som ein vil sjå har tettstadene hatt sterk vekst dei seinare år. Årsakene til dette er fyrst og fremst den endringa ein har hatt i næringslivet og særleg i landbruket. Dette har ført til at ny busetjing har skjedd i tettstadene. At tettstadene har vorte valde som stad for ny busetjing har og sikkert samanheng med dei betre og lettare tilgjengelege servicetilbod og dei betre utbygde fellesanlegg ein har her.



Kartfigur 4. Busetjingskart 1970.

Ei utrekning av utviklinga i tettstadene i kommunane gjev:

Tabell 13. Tett busetjing 1980, 1990.


Kommune	1980	1990
Flå	500	700
Nes	2 000	2 400
Gol	2 200	3 100
Hemsedal	700	900
Ål	2 300	3 100
Hol	2 600	3 400
Hallingdal	10 300	13 600

Fordelinga til dei ymse tettstadene er under utgreiing og behandling i generalplanane. Desse utgreiingane må vera rullerande, dvs. dei må bli tekne opp til ny vurdering med jamne mellomrom.

UTGREIING OM NÆRINGSLEVET

Næringslivet

Visse haldepunkt om den utviklinga ein er inne i, vil ein få av oversynet over endringane i sysselsetjinga siste 10-års-bolken.



Figur 5. Næringsutvikling 1960—1970.

Kjelde: Fylkesarbeidskontorets sysselsetjingsstatistikk.

Arbeidsplass- utvikling

Det har vore auke i det totale tal på arbeidsplassar. I landbruket har det likevel i gjennomsnitt vore ein nedgang i arbeidsplassalet i 10-års-bolken på 57 arbeidsplassar pr. år. I industri, hotell- og restaurantdrift har det vore ein auke på 53 arbeidsplassar pr. år, i bygg og anlegg og kraft og vassforsyning ein auke på 12 arbeidsplassar pr. år, og i dei tenesteytande næringane (servicenæringane) har det vore ein auke på 37 arbeidsplassar pr. år.

DEI YMSE NÆRINGANE

Landbruket

Bruksstrukturen på bruka i Hallingdal er etter ei oppgåve heradsskogmeist-rane og heradsagronomane samla inn i 1968:

Tabell 14. Bruksstruktur i jord- og skogbruk, da. 1968.

Bruksstruktur

Jordbruks-areal	Skogsbruks-areal	Under 100 %		100—500 %		Over 500 %		Sum %	
0—20		—		214	10,8	77	3,8	291	14,6
20—50		446	22,6	375	19,0	109	5,5	930	47,1
Over 50		169	8,5	251	12,7	170	8,7	590	29,9
Offentleg		3	0,1	1	0,1	9	0,4	13	0,6
Utanbygds		41	2,1	64	3,2	48	2,5	153	7,8
Sum		659	33,3	905	45,8	413	20,9	1 977	100,0

Inntektsnivå	Etter dette oversynet har om lag 50 % av bruka under 500 da. skog og 50 da. jordbruksareal. Ei inntektsutgreiing som er utarbeidd, der ein har lagt til grunn tradisjonell jord- og skogbruksdrift, syner at mange av desse bruka åleine ikkje kan gje ei inntekt tilsvarande inntektene i industrien.
Sysselsetjing	I 10-års-perioden 1960—1970 har det vore ein nedgang på om lag 570 arbeidsplassar. Dette har ikkje ført med seg ei tilsvarande fråflytting av bruk. Det som her kjem fram er at brukaren har skifta hovudyrke og kan ha bruket som buplass og driv det på fritid. Sysselsetjinga i dag utgjer 26 % av den totale sysselsetjinga i regionen.
Aldersfordeling	Aldersfordelinga til brukarane er ikkje god. Berre om lag 13 % av brukarane er under 40 år, og vel 35 % er over 60 år. Undersøkinga av aldersfordelinga var lagd opp slik at tala refererer seg til den formelle eigaren på bruket og ikkje dei som reelt driv bruka, så somme feilkjelder kan ein ha her.
Dyrkingsjord	Ressursane i jordbruket er godt utnytta, men etter innsamla materiale er det om lag 30 000 da. dyrkingsjord i regionen.
Avvirking i skogen	Avvirkinga i skogbruket er ikkje stor. Tilveksten ligg på om lag 180 000 m ³ , normalproduksjonen ligg noko over 200 000 m ³ medan avvirkinga dei seinaste åra har vore om lag 90 000 m ³ . Det må til ei omfattande vegbygging skal det vera mogleg å drive ut heile tilveksten.
Utviklinga framover	Det er vanskeleg å vurdere utviklinga i landbruket og sysselsetjinga framover. I Østlandskomiteéns innstilling er nedgangen i sysselsetjinga utrekna til å vera om lag 30—40 % fram til 1990. Dette tilsvarar ei sysselsetjing i Hallingdal på om lag 1 000 arbeidsplassar i 1990. Ein vil seinare i kap. III peike på tiltak for å stimulere landbruket, då ei slik utvikling ikkje er ønskeleg for næringa sjølv eller for busetjinga i bygdene.

Industri

INDUSTRI

Tabell 15. Strukturen til Industribedriftene i Hallingdal i 1970.

Bransje	Tal på bedrifter	Lønns-mottakarar	%	Lønns-mottakarar pr. bedrift
Næringsmiddel	16	118	17	7
Treindustri	37	82	12	2
Møbel og innreiing	23	67	10	3
Jern og metallvare, maskin og elektro	11	309	44	28
Transportmiddel	18	79	11	4
Andre bransjar	8	37	6	5
Sum	113	692	100	6

I alle bransjar er det relativt små bedrifter. Eit karakteristisk trekk er at dei nyetablerte bedriftene i dei fleste tilfelle er produksjonsavdelingar som er tilslutta større tiltak.

Ei utgreiing om industrien i Hallingdal før reisinga av nye bedrifter tok til, synte at dei eksisterande bedriftene ikkje makta å skaffe så mange nye arbeidsplassar at målet for utviklinga i folkemengda kunne oppfyllest. Skulle ein makte det, måtte ein reise nye bedrifter.

Turistnæringa

TURISTNÆRINGA

Volum

I regionen var det i 1967 113 overnattingsstader med om lag 13 000 gjestesenger og om lag 5 000 hytter der om lag 1 000 er utleiehytter. Det har vorte bygd om lag 400 hytter pr. år, og ein har nå om lag 7 500 hytter. I alt har ein i dag overnattingstilbod for 45—50 000 turistar.

Omsetninga

Omsetninga, dvs. dei pengane turistane la att i detaljhandel og ved overnattingsstadene i regionen, var i 1967 53,5 mill. kroner. Omsetninga i turistbedriftene var 26,0 mill. kroner, og detaljhandelsomsetninga var 27,5 mill. kroner. Omsetninga i detaljhandelen til turistane var litt under 30 % av den totale omsetninga i detaljhandelen.

Tabell 16. Omsetninga i turistbedriftene og tal på senger i Hallingdal fordelt på område og kommunar (1967).

Område	Senger	Omsetning 1 000 kr.	Prosentvis fordeling	
			Senger	Omsetning
Sentrum	2 336	14 869	22	57
Turistområde i fjellet	3 254	6 243	30	24
Andre område	5 247	4 889	48	19
Sum	10 837	26 001	100	100
		Hol	29	42
		Ål	13	11
		Hemsedal	15	8
		Gol	14	27
		Nes	28	11
		Flå	1	1
		Hallingdal	100	100

Som ein vil sjå av tabellen, fordeler omsetninga seg med 57 % i sentra og 24 % i turistområda i fjellet, og med berre 19 % i andre område, enda dei hadde om lag 50 % av sengetalet. Ei utgreiing om sysselsetjinga i turistbedriftene syner dette om tal på personar og lengda på arbeidet:


Tabell 17. Sysselsetjing, tal på personar og arbeidslengd. 1968.

Sysselsetjing


Område	0—½ år		½—1 år		Sum	
	Tal	%	Tal	%	Tal	%
Sentrum	372	37	83	8	455	45
Turistområde i fjellet	276	28	23	2	299	30
Andre område	221	22	30	3	251	25
Sum	869	87	136	13	1 005	100

Av dei 1 005 personane som var sysselsette i hotell- og restaurantnæringa, ser ein at det berre var 13 % som hadde arbeidd lengre enn ½ år, og ein vil sjå i neste figur at berre 72 personar hadde heilårsarbeid. Dette er eit tilhøve som har betra seg dei seinare år ved at fleire hotell har oppe heile året, men framleis har ein kraftige svingingar i sysselsetjinga.

Sysselsetjinga varierer mykje med sesongane. I mai og november hadde ein om lag 140—180 sysselsette. I toppsesongane februar og juli var det om lag 440—470 sysselsette i turistnæringa.




Figur 6. Arbeidslengd, arbeidstakarar i turistnæringa. 1968.




Figur 7. Variasjon i sysselsetjinga over året 1968.

Heile 43 % av arbeidstakarane var under 20 år og berre 10 % var over 50 år.



Figur 8. Aldersstruktur, arbeidstakarar i turistnæringa 1968.

Dette tyder på at bedriftene ikkje har varige arbeidsplassar å tilby. Frå ein næringsmessig synsvinkel vil det vera eit av måla å reise varige arbeidsplassar som dermed gjev permanent busetjing og auka folkemengd. Dette ser ein og av tabellen over kvar heimstaden til dei sysselsette er, som syner at berre 37 % var frå Hallingdal medan 11 % er utanlandsk arbeidskraft.



Figur 9. Heimstad, arbeidstakarar i turistnæringa 1968.

Investerings-
oversyn 1970—1985

Etter eit oversyn over registrerte utbyggingsplanar i turistsektoren vil det i perioden 1970—1985 bli investert om lag 460 mill. kroner (1970-prisar). Desse planane byggjer i stor monn på utviklinga vi har hatt i perioden 1960—1970.

Tabell 18. Investeringane fordeler seg slik på dei ymse tiltak:

Turisthotell	12 %
Rimelegare overnattingstilbod ..	13 %
Campingplassar,	1 %
Utleiehytter	12 %
Sum	38 %
Private hytter	60 %
Fellesanlegg	2 %
	100 %

Ein vil i 1985 ha eit overnattingstilbod på om lag 65 000 sengeplassar.

Eit karakteristisk trekk er at investeringane i fellesanlegg er berre 2 % av dei totale investeringane. Eit anna karakteristisk trekk er at vel 70 % av investeringane (turisthotell og private hytter) går til investeringar i meir kostbare anlegg som dekkjer etterspurnaden frå ei mindre gruppe i samfunnet med høge inntekter.

Hytter

Statens Friluftsråd har utarbeidd ein prognose for etterspurnaden etter hytter fram til år 2000. Med den som utgangspunkt har ein fordelt tilveksten i hytter på kommunane.

Tabell 19. Pårekna hyttetal år 2000.

Kommunar	Tilvekst fram til år 2000	Tilvekst fram til 1990	Tilvekst 1970—1980
Flå	1 500	1 000	500
Nes	1 800	1 200	600
Gol	1 200	900	400
Hemsedal	1 700	1 200	600
Ål	2 300	1 600	800
Hol	3 500	2 200	1 100
Hallingdal	12 000	8 000	4 000

Den tilveksten ein har hatt seinare år i Hallingdal har vore om lag 400 hytter pr. år og svarar såleis til desse prognosane.

Forbruket av areal til hytter vil vera 80—90 % av det totale arealforbruk til utbyggingsføremål i regionen. Dette forbruket av areal til hytteformål samanhalde med det at ein ved ei slik utbygging berre gjev eit tilbod til ei mindre gruppe i samfunnet, kan føre til at ein i større monn bør byggje ut rimelege, men likevel gode overnattingsstader. Dette for å freiste å dempe noko av etterspurnaden etter private hytter.

Tenesteytande næringar Sysselsetjing

REGIONALNÆRINGANE (TENESTEYTANDE NÆRINGAR)

Sysselsetjinga i dei tenesteytande næringar er i dag om lag 35 % av den totale sysselsetjinga. I perioden 1960—1970 har sysselsetjinga auka med om lag 370 arbeidsplassar, frå 1860 til 2230.

Generelt

Generelt for heile landet har den raske økonomiske veksten ført til ein sterk auke i etterspurnaden etter tenester. Det er venta at etterspurnaden etter tenester og særleg kollektive tenester vil auke sterkare frametter.

Attåt ein auke i talet på arbeidsplassar totalt i dei tenesteytande næringane vil ein få ein sterk auke i arbeidsplassar for dei med høgare utdanning. Ein større del av dei med høgare utdanning vil få sin arbeidsplass i service-næringane. Dei moment som her er nemnde vil få mykje å seia for samfunnsutforminga og samfunnsplanlegginga.

I ein region som Hallingdal, med spreidd busetjing og med eit relativt lite folketal, vil det bli vanskeleg å etablere eit godt servicetilbod. I Hallingdal har ein i fyrste rekkje utveggar til å påverke dette ved å byggje ut eit service-senter som treng heile folkemengda i regionen som kundeunderlag, og ved å føre ein aktiv utbyggingspolitikk i bygde- og kommunesentra. For å betre servicetilboda i Hallingdal vil det og vera viktig med gode samferdsels-tilbod. Ved det vil det bli lettare tilgang til servicetilbod som berre dei større byområda har.

Varehandel, kommersiell service

Utveggar til å påverke veksten i varehandel og kommersielle tenester kan ein finne ved å føre ein aktiv utbyggings- og tomtepolitikk i tettstadene. Lokalisering og utbygging av offentlege tenester er direkte underlagt of-fentleg behandling og vedtak.

I 1960 var det sysselsett 420 arbeidstakarar i denne bransjen, og i 1970 var det 620, ein auke på 20 arbeidsplassar pr. år.

**Tabell 20. Avgiftspliktig omsetning 1955—1967, mill. kroner.
Faste prisar = 1 000. Fordeling på regionen.**

Regionen		Gol		Regionen elles	
1955	1967	1955	1967	1955	1967
50	74	10	19	40	55

Veksten i omsetninga av varer i Gol har vore langt sterkare enn i dei andre kommunane. Held ein bransjegruppa bilar og bensin utanfor, har omsetninga i Gol åleine auka like mykje som i resten av regionen. Omsetninga

av bilar har auka mest i Nes: frå 0,8 mill. kroner i 1955 til 5,7 mill. kroner i 1967.

Den totale omsetninga i varehandelen er fordelt både på folk busett i Hallingdal og turistar. Vidare kjøper innbyggjarane i regionen ein god del varer utanom regionen.

Tabell 21. Pårekna fordeling av varekjøp frå busette i Hallingdal og turistar 1967.

Bransjegruppe	Varekjøp totalt	I Hallingdal	Utanfor Hallingdal	Turistar varekjøp
Daglegvarer	43,1	43,1	—	13,7
Tekstil og klesvarer	13,4	7,2	6,2	—
Møblar og innbu	6,2	3,9	2,3	—
Bilar, bensin	17,9	9,8	8,1	5,2
Andre	11,6	9,8	1,8	8,6
Sum	92,2	73,8	18,4	27,5

Varekjøpet til turistane utgjer om lag $\frac{1}{4}$ av den totale omsetninga, og om lag $\frac{1}{6}$ av det totale varekjøpet gjer hallingene utanfor regionen. I tida frå 1967 fram til i dag har det skjedd ei endring i bransjegruppa bilar ved at dei fleste bilmerke nå er etablerte i regionen.

Offentleg tenesteyting

I den offentlege tenesteytinga har det vore auke i sysselsetjinga, størst i undervisning, som i perioden 1960—1970 har hatt ein auke på 20 %. Det må reknast med ein sterk auke i sysselsetjinga i helsesektoren framover. Dei større oppgåvene som blir lagde til offentleg og kommunal administrasjon fører og til at ein får auke i sysselsetjinga i denne gruppa.

Inntekter, inntektsnivå

Inntektene og inntektsnivået har mykje å seia for den økonomiske verksemda i regionen, både for den private og den offentlege. Inntektsnivået i Hallingdal var vel 80 % av inntektsnivået i gjennomsnitt for landet i 1960. I 1970 var det tilsvarande talet 90 %. Inntektene har såleis hatt ein sterkare vekst enn i landet elles. Dette vil også vera naudsynleg om ein skal koma opp på likt inntektsnivå med landet elles.

Tabell 22. Inntekt pr. innbyggjar i 1970 og relativ auke 1960—1970.

Område	Inntekt pr. innbyggjar 1970	Relativ auke % 1960—1970
Hallingdal	9 371	107,9
Buskerud	10 650	86,4
Heile landet	10 473	95,1

KOMMUNAL ØKONOMI

Kommuneøkonomi

Sidan inntektene for innbyggjarane har auka, har og inntektene til kommunane auka.

Tabell 23. Ordinær skatt på inntekt og formue, 1 000 kroner.

Skatteinntekt

	1966	1969	Auke 1966—1969
Hallingdal	19 130	27 806	45 %

Som følge av kraftutbygginga har kommunane fått regulerings- og konsesjonsavgifter som i 1970 var 1,7 mill. kroner.

Tabell 24. Bruttoinntektene til regionen i mill. kroner 1970.

Totale inntekter	År	Ordinær skatt på formue og inntekt	Overføringer/refusjon frå stat, fylke	Andre inntekter	Sum
	1970	27,8	8,3	8,9	45,0

Av overføringer utgjorde skatteutjammingsmidla i 1970 vel 1 mill. kroner.

Tabell 25. Bruttoutgifter etter formål 1960 og 1970 i mill. kroner.

Utgifter	Formål	1960	1970	% fordeling 1970	% auke 1960—1970 pr. år
	Skule	3,6	12,6	28	22
	Fylkesskatt	2,3	9,3	21	30
	Sosiale utgifter	2,3	7,2	16	21
	Renter, avdrag	0,2	3,2	7	150
	Offentleg arbeid	1,8	3,1	7	7
	Sentraladministrasjon	0,9	1,9	4	11
	Helsevern	0,3	1,8	4	50
	Anna	3,3	5,9	13	7
	Sum	14,7	45,0	100	37

Skule, sosiale utgifter og fylkesskatten er dei største utgiftspostane på budsjetta til kommunane. Sterkaste relative utgiftsauken har renter og avdrag og helsevern hatt, men den sterkaste reelle auken har ein framleis på skule, sosiale utgifter og fylkesskatt.

Tabell 26. Avsetningar over driftsbudsjettet i mill. kroner 1960 og 1970.

Avsetningar		1960	1970
	Investeringar og avsetningar totalt*)	4,4	4,1

*) medrekna inntektsgjevande verksemdar i kommunen (e-forsyning osv.).

Om ein har hatt auke i inntektene, har avsetning til fond og investeringar over driftsbudsjettet minka i 10-års-bolken. Dette har ført til opplåning og forklårar den sterke auken i renter og avdrag som førre tabellen viste.

Opplåning

Eit generelt trekk er difor at utvegane til å kunne investere over driftsbudsjettet blir færre og færre. Hallingdal er nå inne i ein sterk utbyggingsperiode. Utbygginga blir i stor monn finansiert ved lån og ved dei tilskotta som er til rådvelde til distriktsutbygging. Inntil dei investeringane som alt finst gjev avkastning, kan det synast naudsynt i ein overgangsperiode framleis å gje tilskott og gunstige lån til utbygginga i regionen.

REGISTRERING AV AREALRESSURSAR, AREALBRUK OG TEKNISKE ANLEGG

Registreringar

Ein del av registreringane er på kart i m = 1:250 000 i eige kartbilag. Grunnlagsregistreringane er utførte på flybiletemosaiikk i m = 1:20 000 og 1:5 000.

Dei registreringane som er gjorde er:

- Arealbruk i område som er utbygde.
- Produksjonsområde.
- Tekniske anlegg, vegar, nedslagsfelt til vassverk, kraftlinjer, m. m.
- Natur og friluftsområde.

Registreringane blir førte vidare i det pågåande generalplanarbeidet. Her blir det m. a. gjennomført ei inventering av naturvern og friluftsområde. Ei utgreiing om Hallingdalsvassdraget blir nå og utarbeidd av regionen.

AREALRESSURSANE — AREAL FOR UTBYGGING

Areal tettstadene	Dei areala ein treng til tettstadene er lite i omfang (0,3 % av regionens areal) og det meste vil liggje på lite produktive område. Dette under føresetnad av at størstedelen av den nye busetjinga blir lagd til tettstadene. Blir det lagt opp til mykje spreidd busetjing, vil omfanget av areal til byggeføremål auke mykje. Ein viktig føresetnad for å hindre ikkje ønskt spreidd busetjing er å ha byggjeklare tomter i tettstadene.
Areal hytteområde	Det blir i dag bygt 2—3 gonger så mange hytter som bustader i Hallingdal. Utbygginga i hytteområda er meir arealkrevjande enn for den faste busetjinga. Det blir difor brukt 4—5 gonger så mykje areal til hytteområde som til tettstader i Hallingdal.
Standard bustad- område	Krav til standard for heilårs busetjing og tettstader er klåre. For hytteområda er dei meir uklåre, men ei generell utvikling er at krava særleg til teknisk standard, veg og vatn har auka mykje.
Standard hytte- område	Det kan vera grunn til å gå ut frå desse krava i dei fleste tilfelle når ein skal plassere hytteområde: — Veg som kan vinterbrøytast. — Elektrisk kraft. — Vassforsyning med felles anlegg. — Blir det innlagt vatn og WC, bad, utslagsvask, må det leggjast opp til fullgode avlaupssystem og reinsing. — Ordna renovasjon. — Fellesanlegg for innandørs og utandørs aktivitetar, butikkar m. m. Dei ymse standardkrava gjer det naudsynt med konsentrasjonar av hytter. Utan det blir utbygginga urimeleg kostbar.

Kap. III. Regional utvikling

Regional utvikling I eit velordna samfunn vil hovudtrekka for utviklinga i samfunnet i stor monn vera bygd på politiske mål, lovreglar m. m. Den regionale utviklinga i Hallingdal vil vera nær knytt til vedtak som er gjorde utanom dei regionale organ. Regionen står såleis ikkje fritt i å utforme sine eigne mål og si eiga utvikling, men må halde seg innanfor dei rammer som dei nasjonale mål m. v. gjev rom for.

1. HOVUDMÅLET


Hovudmål Hovudmålet for den regionale utviklinga i Hallingdal er å ta vare på naturmiljøet som grunnlag for helse og trivsel og fremje ei lokalisering og utbygging av næringsliv og busetjing som ikkje siktar berre mot økonomisk vekst, men og mot andre gode. Ut frå dette må ressursane utnyttast best mogleg.

Lokaliseringsopplegget vil i stor mon avgjera om ein kan nå dette målet for regionen.

I kap. II er det utarbeidd alternative framlegg for utviklinga i folketalet. Føresetnadene for utrekninga av folketalet framover er:

Utviklinga i folketalet Alt. 1. Nullflytting, dvs. balanse i inn- og utflytting. Fødselstal som i gjennomsnitt for perioden 1968—1971. Framskriving 1972.

Alt. 3. Flyttekomponent utrekna av flyttingane 1966. Framskriving 1968.



Figur 10. Utviklinga i folkemengda 1960—1990.

Ei utvikling som etter alt. 1 må vera minstemålet for utviklinga i folketalet i Hallingdal, dvs. ein vekst på minst 0,8 %. Dette vekstalternativet blir lagt til grunn for dei vidare utrekningane av vekstrammene i regionen.

Tabell 27. Utviklinga i folketalet. 1960—1990.

Statistikk			Pårekna utvikling	
1960	1970	1973	1980	1990
17 169	17 562	18 099	18 570	19 470

Kjelde: Statistisk sentralbyrås framskriving 1972.

Denne auken i folketalet vil og føre med seg at ein får ein auke totalt i talet på arbeidstakarar.

Tabell 28. Arbeidsplassutvikling. 1960—1990.

Arbeidsplass-
utviklinga

	Statistikk		Pårekna utvikling	
	1960	1970	1980	1990
Folkemengd	17 169	17 562	18 570	19 470
Arbeidstakarar, arbeidsplassar ..	5 944	6 394	6 590	6 710

Skal dei framtidige folkemengdene bu og arbeide i regionen, må ein ha like mange arbeidsplassar som arbeidstakarar.

For å koma fram til kor mange nye arbeidsplassar ein må skaffe framover, er dette rekna ut slik:

- Den auken i tal på arbeidsplassar ein må ha for ei auka folkemengd.
- Det tal på arbeidsplassar ein må ha for å erstatte nedangen i arbeidsplassar i eksisterande næringer.

Etter dette må det skaffast 75—85 nye arbeidsplassar pr. år i perioden 1970—1980. Ein skulle då nå målet for folketalet i 1980, og også det målet at arbeidstakarane skal få arbeidsplass i regionen.

Næringslivs-
utviklinga

Dei ymse næringer er i Hallingdal inne i ei endring frå år til år. Som det i førre avsnittet er peikt på, må det og skaffast eit relativt stort tal nye arbeidsplassar for å nå m. a. målet for folketalet.

Landbruket

Landbruket er og har vore hovudnæringa i regionen. Etter dei utgreiingar som ligg føre for utviklinga i landbruket, må ein framover også rekne med nedgang i arbeidsplassa i denne næringa. Sjølv om arbeidsplassa går ned i landbruket, blir ikkje eit tilsvarende tal bruk fråflytta, då bruka kan bli nytta som bustad. Landbruket i Hallingdal må stimulerast både av omsyn til å halde oppe landbruket som næring og av omsyn til busetjinga i bygdene.

Den utviklinga ein har i landbruket, er ikkje ei ønskjeleg utvikling. Det må minst vera 1 200 arbeidsplassar i landbruket i Hallingdal framover.

Industri, turisme,
bygg, anlegg, kraft
og vassforsyning

I utgreiingane i 1968 om den eksisterande industrien i Hallingdal har ein ikkje rekna med noko større auke i arbeidsplassa framover. Auken i talet på arbeidsplassar i industrien måtte derfor skje ved nyskiping og innflytting av nye verksemdar.

I bygg- og anlegg, kraft- og vassforsyning, kan ein ikkje vente nokon varig auke i arbeidsplassa framover.

I turistnæringa må ein rekne med auke i arbeidsplassa både i eksisterande og nye verksemdar. Skal arbeidstakarane i turistnæringa busetja seg i regionen, må ein ha heilårs arbeidsplassar.

I industri og turisme må ein rekne med om lag 45—50 nye arbeidsplassar pr. år i perioden 1970—1980.

Tenesteytande næringar

I dei tenesteytande næringane har det vore ein sterk vekst. Utviklinga i arbeidsplassa i undervisning, off. administrasjon, helse- og sosialsektoren er ei direkte følgje av offentlege vedtak. Utan ei sterk desentralisering i denne sektoren er det ikkje mogleg å skaffe arbeidsplassar til m. a. dei som får høgare utdanning.

I perioden 1970—1980 må ein rekne med 30—35 nye arbeidsplassar i dei tenesteytande næringane.

Total vekstramme

Ser ein utviklinga i dei enkelte næringar i tilknytning til utviklinga i folke- mengda, alt. 1, får ein denne totale vekstramma for Hallingdal fram til 1980:

Tabell 29. Vekstrammer 1960—1980.

	Statistikk		Pårekna utvikling
	1960	1970	1980
Folkemengd	17 169	17 562	18 600
Arbeidsplassar totalt	5 944	6 394	6 600
Arbeidsplassar i			
— landbruk	2 236	1 667	1 200
— industri, turisme, bygg, anlegg, kraft- og vassforsyning	1 852	2 489	2 900
— tenesteytande næringar	1 856	2 229	2 500

Lokaliseringsopplegg

Som ein har nemnt i innleiinga i dette kapitlet, vil lokaliseringsoopplegget vera ein avgjerande faktor for den sosiale og økonomiske utviklinga i regionen. Eit lokaliseringsmønster skal i fyrste rekkje vera eit konstruktivt middel til å leggje vilkåra til rette for ei utvikling i næringslivet og gje eit godt tilbod av varer og tenester til folk i regionen.

Generelt

Lokaliseringsmønsteret blir berre ført så langt det er naudsynt for den kommunale planlegginga og slik at det kan vera grunnlag for ei samordning i utbygginga.


Lokaliseringsmønsteret for Hallingdal har vorte drøfta ut frå ei vurdering av:

- Økonomisk og sosial utvikling.
- Utforminga av miljøet og utnytting av naturressursane.
- Grunnlagsinvesteringane som varierer med lokaliseringa.

Disponeringa av naturressursane og miljøutforminga vil få nærare omtale seinare. Dette saman med vurderingar av grunnlagsinvesteringane er lagt til grunn ved valet av lokaliseringsmønster. Standardkrava for alle former for byggjeverksemd har avgjerande innverknad på val av byggeområde. For bustadbygging er krava til full teknisk og sanitær standard klåre. Desse krava er og aktuelle for ein stor del av utbygginga av utmarksområda.

I regionplanen må det leggjast opp til eit lokaliseringsmønster som fører til ein vekstkraftig senterstruktur i regionen. Tettstadene er og med på å

gje eit godt tilbod av servicetenester og arbeidsplassar også til dei som bur utanfor tettstadene. Dette avheng av eit godt kommunikasjonstilbod i regionen. Ein vil her særleg peike på den innverknad eit godt kollektivt transporttilbod har for dei som er busette utanfor tettstadene.



Kartfigur 5. Sentrumsfunksjonar —service.

I dag er om lag 60 % busette utanom tettstadene. Sjølv med ein sterk vekst i tettstadene framover vil likevel 30 % vera busette spreidd i 1990. Om den relative delen av spreidd busetjing går ned, vil likevel om lag halvparten av busetjinga vera utanfor tettstadene fram mot 1990.

Sett frå ein økonomisk synsvinkel vil det vera riktig å nytte ut den store realkapitalen som er knytta til den spreidde busetjinga. Dette gjeld i fyrste rekkje bustader, men ein har det same for investeringar utførte av det offentlege.

Om lag halvparten av bruka over 20 da. i Hallingdal gjev i dag ikkje inntekter som kan tevla med andre næringar. Legg ein opp til ei arbeidsplasslokalisering som gjev rimeleg reisetid, vil dei som ønskjer det likevel kunne bu på bruka sine eller drive dei i kombinasjon med arbeid i andre næringar. Såleis skulle det vera mogleg å skaffe seg tilfredsstillande inntekter.


Et reisetid til arbeidsplassen på inntil 1/2 time eller en avstand på inntil 35 km må kunne bli akseptert i Hallingdal. Ellers vil det vera vanskeleg å halde oppe den spreidde busetjinga.

For å oppnå best mogleg arbeidsplassstilbod og gode servicetilbod må det byggjast eit hovudsenter for service som treng helle folkemengda i Hallingdal som kundeunderlag, og det må byggjast fleire industri- og turist-sentra.

Eit hovudsenter for service vil vera sterkt avhengig av utviklinga i resten av regionen. Alle vil vera interesserte i eit vekstkraftig hovudsenter.

Oppgåvefordeling Eit differenslert lokaliseringsmønster med oppgåvefordeling mellom kommunane vil vera det mest stimulerande og vekstfremjande for regionen sett under eitt.

Gjennomføring Regionplanrådet har ingen direkte positive verkemiddel til å gjennomføre eit lokaliseringsmønster som byggjer på ei oppgåvefordeling mellom kommunane. Gjennomføringa er difor avhengig av eit frivillig og forpliktande samarbeid som berre kan bli oppnådd ved semje mellom kommunane. Det prinsippet må då leggjast til grunn for gjennomføringa av planen at ein



Kartfigur 6. Lokalisering service.

ikkje tvingar fram eit samarbeid om det kvar sjølvstendig kommune rett-messig har krav på å oppnå og få.

Lokalisering av servicenæringane

Ein har tidlegare i dette kapitlet peikt på at for å nå det regionale hovud-målet om gode servicetilbod, må den offentlege service bli desentrallisert. Vidare er det peikt på at dette kan ein oppnå ved at tettstader i bygdene blir styrkte for å tene kundeunderlaget lokalt, og ein må byggje ut eit hovud-senter som har folkemengda i heile regionen som kundeunderlag.

Sjå kartfigur 6.

I hovudsentret for service skal dei nye offentlege serviceverksemdene som treng heile regionen som kundeunderlag bli lokaliserte.

Lokalisering av offentlig service er avhengig av finansiering over offent-lege budsjett og er difor direkte avhengig av offentlege vedtak. Den kom-mersielle service, varehandel og andre private tenester, har ein små sjansar til å fremje i eit lokaliseringsmønster som i vesentleg grad er i strid med den økonomisk optimale lokalisering for denne næringa.

For å nå den ønskjelege vekst i desse næringane må kommunane ta sikte på ei slik utvikling når dei disponerer areal og legg opp sin utbyggings-politikk. Det må dimensjonerast høvelege areal, og elles må alt leggjast til rette for utbygginga.

Lokalisering av turistnæringa


Valet av lokaliseringsmønster for turistnæringa vil bli viktig for dei som søker eit fritids- og rekreasjonstilbod, og det vil få konsekvensar for nær-ingslivet i regionen.

For å kunne gje eit friluft- og rekreasjonstilbod til alle grupper i samfun-net må turistverksemdene lokalisast slik at dei er lett tilgjengelege, dvs. utan at ein treng å nytte eigen bil. Vidare vil utbyggingsforma vera viktig for å nå det målet å kunne gje eit tilbod til alle grupper i samfunnet. Ei ut-byggingsform med høg sjølvteningsgrad vil kunne gje gode og rimelege overnattingsstilbod.

Sjå kartfigur 7.

Skal ein nå det målet å skaffe varlege og meningsfylte arbeidsplassar som gjev grunnlag for heilårs busetjing og vekst i folketalet i regionen, må ein leggje til grunn dette lokaliseringsmønsteret:

- Utbygginga av hotell og større pensjonat, der drifta krev høg syssel-setjing og skaper stor trafikk, bør lokalisast der føresetnadene er til stades for heilårstrafikk og berre der ein har gode kommunikasjonar, der kloakk og vassforsyning er ordna eller likevel må byggjast ut av andre omsyn.
- Som eit ledd i å utvide sesongane og sikre vilkåra for heilårsdrift må kurstilbod bli nytta som verkemiddel.
- Utbygging av relativt rimelege overnattingsstader, og då særleg be-drifter med lite sysselsetjing pr. gjestedøgn bør kunne lokalisast til stader der berre sesongdrift er mogleg. Slike bedrifter bør leggjast til turistområde som eksisterer og der grunnlagsinvesteringane stort sett er utførte. Bedrifter av dette slaget bør og med vinning kunne leggjast til dei større turiststadene for å gje eit variert tilbod og for å ta imot sesongtrafikken.



Kartfigur 7. Lokalisering turisme.


- I dei tilfelle turistbedrifter skal lokalisertast til område der ein frå før ikkje har hatt turistnæring av noko omfang, bør særlege og tungtvegande grunnar bli lagde til grunn for ei utbygging. Dette vil særleg gjelde for bygdesentra der kundeunderlaget er for lite til å nå den ønskelege lokalservice i varehandel m. v. Ei turistutbygging kan og vera med på å finansiere og gjere mogleg ei utbygging av tekniske anlegg, vassforsyning, avlaup, betre kommunikasjonstilbod m. v. Investeringar i overnattingsbedrifter vil vera eit byggingalternativ når marknadsforholda og tilhøva elles ligg til rette for utbygging m.o.t. veg, vassforsyning, avlaup m. v.
- Isolerte overnattingsbedrifter bør berre etablerast for spesielle føremål, t.d. turishytter som ledd i ei hytte-kjede for å tene fotturistar og skilauparar m. v.
- Overnattingsstader for sesongprega ferieturisme for utlendingar bør bli konsentrerte til få stader. Ved det vil ein få ein turisttrafikk som blir så stor at det gjev grunnlag for utviding av supplerande bedrifter både når det gjeld innandørs og utandørs aktivitetar.

Lokalisering av industri

Den største effekten vil regionen ha av industriltak som byggjer på vidare foredling av råprodukt som finst i regionen.

Forutan god råstofftilgang og gode kommunikasjonstilbod med jernbane og veg vil arbeidskrafta vera dei viktige lokaliseringsfaktorane for industrien. For vurdering av arbeidskrafttilbodet kan det synast akseptabelt å leggje til grunn ei reisetid på inntil 1/2 time — 35 km.

For Hallingdal vil ein då få ein stor del av arbeidskrafttilbodet i to område — eitt i øvre Hallingdal og eitt i nedre Hallingdal, med Kleivi og Nesbyen som tilnærma tyngdepunkt i dei to områda.



Kartfigur 8. Lokalisering industri.


Føremonnene med ei samling av hovudtyngda av Industriutbygginga til desse to områda er:

- Stor folkemengd og ved det stort arbeidskrafttilbod. Mogleg å etablere arbeidskraftkrevjande industriltak. Det er såleis mogleg å få eit meir variert tilbod, både om arbeidskraft og arbeidsplassar.
- Betre vilkår for å gjennomføre effektive miljøverntiltak og ved det innsparte grunnlagsinvesteringar.
- Betre vilkår for samarbeids- og fellestilltak ved samling av bedriftene på få stader. Dette gjeld både for bedriftene og for dei som arbeider der.

I dei nemnde arbeidskraftområda er det viktig å ta omsyn til dei bedriftene som alt er godt etablerte.

Hemsedal og delar av Flå fell til dels utanfor denne inndelinga av Hallingdal i arbeidskraftområde. Det må vera både sjølvstendig og rett at det blir satsa på industrireising også i Flå og Hemsedal.

Lokaliseringsopplegg for Hallingdal	Dette lokaliseringsopplegget blir å leggje til grunn for utbygginga i Hallingdal. Ein vil her peike på at Hallingdal er utviklingsområde og at alle kommunar har likt krav på lån og tilskott til dei ymse tiltak.
Service næringsane	— Gol blir bygd ut som hovudsenter for service for Hallingdal, og bygde- og kommunesentra blir utbygde best mogleg med service for folk i lokalsamfunnet. — Utbygginga av eit hovudsenter for service vil føre til at nye offentlege serviceinstitusjonar som må ha heile folkemengda i regionen som kundeunderlag, blir lagde i Gol.
Industrien	— Med utgangspunkt i hovudmålet og dei arbeidsplassstilbod som er og vil koma i hovudsentret for service i regionen, må det bli reist eitt industrisenter i øvre Hallingdal, og eitt i nedre Hallingdal. — Ein sterk innsats i desse industrisentra bør koma som eit tillegg til dei bedriftene som alt finst og til den aktive utbygginga av næringslivet som er mogleg i kvar kommune. — I øvre Hallingdal pelker Kleivi seg ut som eit område som ligg vel til rette for industrireising. Hol og Ål kommunar har vedteke eit forpliktande samarbeid om utbygging av Kleivi. Det er større høvelege areal for industri som m. a. i samarbeid med SIVA er under utbygging. Industrireisinga på Kleivi må ein sjå i samanheng med eit eksisterande industrimiljø på Gello. Innanfor ein avstand på 20 km bur det om lag 8 000 menneske, som er litt under halvparten av innbyggjartalet i regionen. Avstanden frå Kleivi til Sundre er 8 km, til Torpo 20 km, til Hol 8 km og til Gello 15 km. — I nedre Hallingdal er det naturleg å byggje vidare på den industriutbygginga som har kome godt i gang på Nesbyen. På Nesbyen er det større høvelege areal for industri, og forholda ligg godt til rette for ei større utbygging. Avstanden frå Nesbyen til Gol sentrum er 21 km, til Flå sentrum 33 km og til Hemsedal sentrum 52 km. — Det må vera rett og sjølvstendig at Hemsedal og Flå satsar på industrireising då dei fell utanfor akseptabel reiseavstand frå dei tidlegare nemnde arbeidskraftområda.
Sjå kartfigur 9.	
Turistnæringsa	— Gello blir utbygd vidare. I fyrste rekkje bør det satsast på overgang til lengre sesong, helst hellårsdrift ved alle større hotell med basis i ferietrafikk, week-end-trafikk og kurs- og møteverksemd. Auka kapasitet for sesongtrafikk bør helst skje ved investeringar i campingplassar med hytter, hyttegrender og andre meir sportsprege overnattingsstader med stor sjølvteningsgrad. — I Ål sentrum bør det i fyrste rekkje bli satsa på ei utbygging som tek sikte på å tene den lokale marknaden, vegtrafikantar og annan gjenomgangstrafikk og kurs- og møteverksemd. — Gol bør bli utbygd for omfattande hellårstrafikk. I tillegg til ferietrafikken bør helgetrafikk, kurs- og møteaktivitet sikre vilkåra for hellårsdrift ved hotella i Gol sentrum.



Kartfigur 9. Lokalisering service og industri.

- Nesbyen bør som Gol bli utbygd vidare med basis i ferie- og helgeturisme og kurs- og møteverksemd.
- I Hemsedal bør det i hovuddelføret kunne bli utbygd eit ferisesenter av internasjonal standard med grunnlag i det alpine fjellterrenget og kurs- og møteverksemd.
- I tilknytning til bygdesentra i regionen bør det vera naturleg å leggje ut område for hytter og turisttrafikk i enklare former (camping, ungdomsherberge, pensjonat, utleiehytter m. v.). Turisttrafikken vil ved det skapa kundegrunnlag til å styrkje servicetiltaka på staden, og vera med på å finansiere fellestiltak og mogleggjere utbygging av betre kommunikasjonsstilbod og andre tekniske anlegg som vatn, avlaup osv.
- Dei turistområda i fjellet som ein har, bør kunne byggjast vidare ut med sikte på ferieturisme og sesongdrift. I desse områda må ein ved utbygginga særleg leggje vekt på om det er mogleg å byggje ut dei tekniske anlegga, veg, vatn, avlaup osv.

2. DELMÅL

Delmål

For å nå det allmenne hovudmålet, og kunne følgje vekstrammene og lokaliseringssopplegget, er det fleire delmål som må oppfyllest.

A. FULL SYSSELSETJING, ØKONOMISK VEKST OG RIMELEG INNTEKTSFORDELING

Full sysselsetjing	I nasjonal samanheng vil full sysselsetjing seia at alle skal ha eit tilbod om arbeid innan landegrensene. I ein region vil dette målet innebera at alle skal ha eit arbeidstilbod innan grensene til regionen, eit vekstalternativ som byggjer på den naturlege utviklinga i folkemengda eller nullflytting. På same måten som i landet elles vil ein ha fleire arbeidsplassar å velja mellom i dei sentrale delane av regionen. For Hallingdal har ein meint at for å nå målet om full sysselsetjing med spreidd busetjing, må ein godta å reise mellom arbeidsstad og bustad. Flest mogleg må kunne ha eit tilbod om arbeid mindre enn 1/2 time frå bustaden, og lokaliseringsopplegget som er omtala i førre avsnittet, skulle gjera det mogleg. Målet om full sysselsetjing må gjennomførast ved at det blir bygd ut varige og stabile heilårs arbeidsplassar. For turistutbygginga vil det i samsvar med lokaliseringsopplegget vera tettstadene som best kan lykkast i dette.
Økonomisk vekst	Gjennomsnittsinntektene i Hallingdal ligg under gjennomsnittet for landet. Mykje talar for at denne økonomiske skilnaden mellom regionane har vore ei hovudårsak til folkeflytting. Å gjera den økonomiske veksten mest mogleg lik i heile landet er difor viktig.
Inntektsfordeling	Ei rettferdig fordeling av inntektene i regional samanheng vil fyrst og fremst krevja at arbeidsinntektene skal liggje på eit nokonlunde likt nivå i alle sektorar.
Landbruket	I samsvar med dette må arbeidsinntektene i landbruket bli heva opp på same nivå som i industrien. Det er framleis store unytta ressursar i landbruket i form av dyrkbar jord og beiteareal og unytta skogproduksjon. I arbeidet med å utnytte av landbruksressursane må bøndene samarbeide. Dette gjeld både jordbruk, skogbruk og utmarksressursar.

For å utvikle fullverdige familiebruk og få inntekta opp på same nivå som i industrien er det naudsynt å:

- Auke storleiken på bruka ved nydyrking.
 - Auke avkastinga av jord og skog ved meir intensiv drift. I fyrste rekkje er det naudsynt å auke avvirkinga i skogbruket.
 - Det offentlege bør arbeide for å få eit tidhøveleg lovverk slik at ein får fullverdige familiebruk. Dette gjeld særleg odelslov, jordlov, konsesjonslov og jordskiftelov. Lovverket må og leggjast opp slik at m. a. ungdommen kan ta over bruk og ledig jord etter bruksverdien som jord- og/eller skogbruk.
 - Jord og skog som er i offentleg eige, eller tilhøyrrer ikkje næringsdrivande, må så langt råd er bli utnyttat i arbeidet med å få fullverdige bruk.
 - Rasjonell utnytting av utmarksområda er viktig i arbeidet med å utvikle fullverdige bruk. Dei samla utmarksgoda, bygdeturisme, jakt og fiske kan i framtida gje større tilleggssinntekter.
- I arbeidet med dei samla utmarksgoda er det viktig å utvikle arbeidet med nabosamvirke. I rettleiing og planlegging må ein sjå heile bygdelag i samanheng.
- Sal av hyttetomter må motarbeidast då det er forbruk av ressursar både på kort og lang sikt, og det svekkjer landbruket i regionen. Bortbygsling

er også ei ekstensiv utnytting av utmarksområda samanlikna med tradisjonell landbruksdrift og utleigehytter.

Frå landbruket si side er ein interessert i ei sunn utvikling av turistnæringa. Det vil vera viktig at bygdeturisme og turistutbygging elles blir sett under eitt. Og ein må freiste å få organisert eit samarbeid om dette.

- Alle tiltak for å fremje foredling av råvarer i landbruket må få stønad.
- Arbeidet med å få laks til Hallingdalselva må halde fram.
- Utdanninga i landbruket er viktig for utviklinga. Dette blir og teke opp i pkt. C.
- Rettleiinga i tradisjonell landbruksdrift er i dag godt utbygd. Det er eit nært samarbeid når det gjeld rettleiingsteneste, og det er svært viktig. Rettleiinga må ikkje berre gjelde ein enkelt eigedom, men og større område som heile bygdelag.
- Driftsplanarbeidet og arbeidet med forsøksringar må intensiverast.

Turismen

I turistnæringa må det i fyrste rekkje satsast på ein turistpolitikk som gjev varige og meningsfylte arbeidsplassar med tilfredsstillande inntekter. Det lokaliseringssopplegget ein har omtala innleiingsvis vil fremje ein slik turistpolitikk.

B. OM Å SKAPA OG TA VARE PÅ TRIVELEGE BUSTADMILJØ

Bustadmiljø

Bygdesamfunna kan vanskeleg konkurrere med det varierte tilbod av arbeidsplassar og service som byane har.

Bygdesamfunna kan — om det blir lagt til rette for det — tilby bustadmiljø utan støy, med rein luft, reint vatn, trygge trafikkforhold, uforstyrta natur, god service og kjentfolk i grannelaget. For mange kan dette vera forhold som tel meir enn eit variert arbeidsplass- og servicetilbod. I Hallingdal må ein difor ta sikte på å utnytte dei særlege fordelar som dette bustadmiljøet har, fordi det er attraktivt på ein annan måte enn det byane kan tilby.

Bustadområda og bustadbygginga må bli lagt til rette med eit mest mogleg variert tilbod der dei ulike alders- og inntektsgrupper får stetta sine krav. Eit mål må vera å få eit mest mogleg variert og integrert bustadmiljø.

Samla vurdering og plan

For å fremje utbygginga av bustadmiljøa må ein ta vare på naturmiljøet, og bustadområda må lokalisrast etter ei samla vurdering og ein plan som skaper ordna forhold for trafikk, vassforsyning, avlaup og andre fellesanlegg for service m. v.

Sjå kartfigur 10.


C. GODE SERVICETILBOD

Servicetilbod

Servicetilbodet og særleg dei kollektive tenestene får stadig større vekt og blir meir og meir avgjerande for val av bustad.

Kultur- og fritidsgode

Alle bør ha rett til eit livsmiljø med kulturgode. Kultur og fritidsgode må difor byggjast ut. Kulturarbeidet i regionen bør styrkast for m. a. å ta vare på og utvikle vidare lokale særdrag. Til dette arbeidet er det sett ned eit eige regionalt kulturutval.



Kartfigur 10. Tettstader — plansituasjon.

Dei oppgåver kulturutvalet mellom anna må arbeide med er:

- Avhandlingar om rosemålinga, folkemusikken og målet i Hallingdal.
- Innsamling av gamle stadnamn.
- Ta initiativ til andre aktuelle kulturtiltak av felles interesse for regionen.

Bibliotekverksemda i Hallingdal må byggjast ut til også å omfatte kunst, musikk m. m.

Helse- og sosial-
tenesta

Flest mogleg tilbod i helse- og sosialtenesta må kunne bli ytt i regionen. Det må bli ei samordna og godt utbygd heimesjukepleie, sjukeheimar, lege- og tannlegeteneste, sosialteneste, eldreomsorg og daginstitusjonar for barn. Ringerike sjukehus vil vera distriktssjukehus for Hallingdal.

Utdanning


Utdanningstilbodet må vera slik at all ungdom kan få ei utdanning som høver for dei evner og interesser dei har. Når ein skal byggje ut utdanningstilbodet, må ein særleg ta sikte på å kvalifisere ungdom til næringslivet i distriktet. Den ungdommen som vil studere vidare, må få den naudsynte grunnutdanninga for vidare studiar. Vaksenopplæringa må utviklast i nært samarbeid med næringslivet i regionen, og det er aktuelt med tilbod

i dei meire allmenndannande fag. Spørsmålet om å få distriktshøgskule til Hallingdal er ei sak med vide perspektiv både ut frå ein økonomisk, sosial, kulturell og distriktspolitisk synsvinkel.


Ungdomsskule Flå Flå har ikkje eigen ungdomsskule. Etter dei vilkåra ein har i dag, er det ikkje grunnlag for ungdomsskule i Flå. Flå må likevel få eigen ungdomsskule.

Vidaregåande skular For dei vidaregåande skulane blir det arbeidd ut frå to alternativ for skuleoppbygginga. Det eine alternativet er større skuleanlegg som gjev eit allsidig undervisningstilbod. Det andre alternativet er å byggje på dei skular ein har som til saman kan gje eit allsidig skuletilbod. For Hallingdal vil det siste alternativet vera det rette, då ein alt har kome langt i utbygginga av ulike skuleslag på ymse stader i regionen. Om ei ordning med fleire skulestader skal bli tilfredsstillande, må det til eit nært samarbeid mellom skulane.

Lokalisering Gode servicetilbod vil ein oppnå ved det lokaliseringsopplegget ein har for servicenæringane i Hallingdal. Gol blir etter dette bygd ut som hovudsenter for service i Hallingdal, og elles blir alle tettstadene utbygde best mogeleg med lokal service.



Kartfigur 11. Viktige servicetilbod.



Kartfigur 12. Produksjonsområde.

Naturressursane

D. VERN AV NATURRESSURSANE


Generelt

Naturen er bakgrunnen og grunnlaget for at vi eksisterer. Vi kan gjera meir eller mindre radikale inngrep i naturen, og nytte ut naturkreftene innan visse grenser. Vi kan likevel ikkje isolere oss frå naturen eller disponere i strid med dei kjende og grunnleggjande naturlover.

Kunnskapane om samanhengen i naturen er ennå lite utvikla. Dette må då mane til ettertanke såleis at ein nyttar dei kunnskapar ein har om ein vil omdisponere areal.

Ei hovudoppgåve vil vera å ta vare på naturmiljøet som grunnlag for helse og trivsel. Ein må her ha komande tider i tankane sjølv om dette vil føre til ei svakare inntektsstiging enn det ein har i dag.

For bygdesamfunna allment og særleg for landbruket må det vera viktig at det blir ført ein naturressurspolitikk der bygdesamfunna har kontroll med eiغدomsretten til og bruken av naturressursane.



Kartfigur 13. Avløp, renovasjon.

Kortsiktige interesser hos enkeltgrupper må ikkje føre til ei utnyttling av verdiane slik at bygdesamfunna ikkje maktar ei tenleg arealdisponering og forvaltning, eller at elgedommene får ein så høg verdi at dei ikkje kan drivast som landbruk. Det kan såleis inntil vidare vera grunn til å redusere utbyggingsakta i hyttebygginga.

Planar

Dei retningslinjene som må leggjast til grunn for disponeringa av naturressursane er:


- **Det må bli utarbeidd planar før utbygginga blir sett i gang.**
- **For å få til ei forsvarleg forvaltning av naturressursane må planane vera oversiktsplanar der større område blir sett under eitt. Det må ikkje bli godkjent utbyggingsplanar for enkelteigedommar utan at slike oversiktsplanar ligg føre.**

Dei retningslinjene som må bli lagde til grunn for planlegging og utbygging er:

Produktive areal

- **Ein må ta vare på dei produktive areala.**

Sjå kartfigur 12.



Kartfigur 14. Vassforsyning.

Vatn, avlaup

- Ein må ta vare på og halde reine dei få vassdraga som ennå er reine. Tilsølinga i dei andre vassdraga må ein så godt som mogeleg halde nede og redusere.
- Det må leggjast opp til renovasjonsordningar for bygdene og utbyggingsområda i fjellet.

Sjå kartfigur 13.


- Nedslagsfelt for drikkevassforsyning til bygdene og utbyggingsområda i utmarksområda må ein ta vare på og halde reine.

Sjå kartfigur 14.

Lufta

- Den reine lufta må ein ta vare på. Det må ikkje plasserast industri i Hallingdal som gjer lufta urein.
- Områda for friluftsliv, rekreasjon og naturvern må ein ta vare på.

Sjå kartfigur 15.



Kartfigur 15. Område for friluftsliv og naturvern.

Til å gjennomføre ei forsvarleg arealforvaltning har ein verkemiddel i bygningslova. Her kan ein med vedtekter hindre at areala får ei endra utnytting innan ein 10-års periode. Vidare har ein i bygningslova reglar som gjev høve til å føre kontroll med den utbygginga som går for seg. I andre lover har ein reglar som og sikrar ei forsvarleg arealforvaltning og disponering av naturressursane.

Desse oppgåvene som gjeld naturressursane er til behandling eller utgreiing:

- Utarbeiding av ei utgreiing om bruken av Hallingdalsvassdraget. Ein tek sikte på å koma fram til felles retningslinjer for disponeringa av avlaupsvatnet.
- Utarbeiding av ei naturressursinventering.
- Behandling i kommunane av framlegg til vedtekter og retningslinjer for planlegging av utmarksområda.
- Behandling i kommunane av opplegg for mellombels og varig sikring av nedslagsfelt for drikkevatt til tettstadene.


E. GODT UTBYGDE KOMMUNIKASJONAR

I område med spreidd busetjing vil kommunikasjonstilbodet — at det er mogleg og lett å nå dei ymse gode både i og utanfor regionen — ha avgjerande innverknad på trivnad og utvikling i regionen.

Utbygginga av kommunikasjonskjeldene og kommunikasjonsmidla

Godt utbygde kommunikasjonar er ein føresetnad for at full sysselsetjing og gode servicetilbod skal kunne bli ein realitet.

Vegnettet i og til regionen må byggjast ut i raskt tempo. Alle persontog må stoppe på Gello, Ål, Gol, Nesbyen og Flå stasjonar. Godstrafikken til NSB må leggjast opp på ein rasjonell måte med kort transporttid mellom leverandør og kunde. Det er høvelege areal for ein større flyplass på Klanten i Gol.



Kartfigur 16. Kommunikasjonar.

Viktige oppgåver

- Dette vil vera viktig for å få betre kommunikasjonar til og frå regionen:
- Innkorting av vegen Oslo—Hallingdal, med ny veg Sokna—Ørgenvika.
 - Innkorting av jernbanen Oslo—Hallingdal på strekninga Oslo—Hønefoss via Åsallnja.
 - Bygging av flyplass på Klanten i Gol.

Utbygging av flyplass på Klanten i Gol er viktig, men vil krevja eit stort statleg engasjement både i utbygging og drift av plassen. Som eit fyrste steg kan Klanten byggjast ut som kortbaneflyplass for seinare å utvide den til ein større flyplass. Det vil i alle tilfelle vera naudsynt å framskande innkortinga av vegen Sokna—Ørgenvika, og å korte inn jernbanen mellom Hønefoss—Oslo via Åsalinja.


Rutebiltrafikken må m. a. samordnast med ruteopplegga og stoppestadene til NSB og gje eit godt tilbod til utkantstrøka i regionen. Dei mange rutebilselskapa i regionen må bli samanslått til eitt eller nokre få rutebilselskap, om ein skal kunne gjennomføre ei slik samordning av ruteopplegga. Kommunane og NSB må vera med i selskapa.

Vegnettet

Hovudvegnettet er drøfta i samband med Norsk vegplan, og ein syner til denne og sak 10/69 i rådet.

Oslo—Bergen

Etter Norsk vegplan skal vegsambandet mellom dei to største byane Oslo og Bergen — eller mellom dei folkerikaste områda — vera ferjefritt. Hallingdalsvegen går inn som ein del av dette vegsambandet etter som dei linjeval som nå er under utgreiing, alle er mellom Gol—Voss.



Kartfigur 17. Alt. ferjefri hovudveg, Oslo—Bergen.

Dei linjene som nå er under utgreiing og avstanden Gol—Voss er:

	Voss—Gol km
Alt. A: Voss—Gudvangen—Refsnes—Lærdal—Gol	246
Alt. B a) Voss—Bu—Eidfjord—Gol som sommarveg og heil- årsveg over Haukelifjell	191
b) Voss—Osa—Sima—Eidfjord—Gol som sommarveg over Haukelifjell	200
Alt. C: Voss—Gudvangen—Aurland—Hol—Gol	210
Alt. R: Voss—Raundalen—Uppsete—Låvisdalen—Hol—Gol ..	178
Alt. H: Som alt. B, men heilårsveg over Hardangervidda med omlegging på strekninga Storli—Haugastøl	188

Alt. R vil gje den kortaste veglinja mellom Oslo og Bergen og ein vil sleppe å byggje bru. Dei alternativa som går frå Gol og gjennom Ål og Hol vil dekkje større folkemengder i Hallingdal enn dei andre alternativa.

Innkorting Sokna—Ørgenvika

Ein ny veg Sokna—Ørgenvika vil korte inn avstanden mellom Hønefoss (Oslo)—Hallingdal med om lag 20 km.

Reiseavstand — reisetid Hallingdal (Gol) Hønefoss:	Dagens veglinje km	Etter ombygging Sokna—Ørgenvika, km
Avstand	137	117
Tid	2 1/4	1 3/4

Tek ein berre omsyn til denne innkortinga vil reisetida mellom Hallingdal (Gol)—Oslo vera om lag 2 1/2 time og avstanden om lag 175 km.

Sjå kartfigur 18.

Ombygginga vil gå inn som ein del av hovudvegen mellom Oslo—Bergen ved alternativa som nyttar Hallingdalsvegen. Regionplanrådet har i ei utgreiing om bomveg mellom Sokna og Ørgenvika rekna med at ein kan finansiere om lag 30 mill. kroner med bompengar. Ved tilskott frå distriktet kan ein då forsere utbygginga i forhold til prioriteringa i Norsk vegplan.

Hemsedalsvegen R.v. 7

R.v. 7 over Hemsedal er ein viktig veg mellom Austland og Vestland. Etter Norsk vegplan er utbygginga dårleg samordna då Sogn og Fjordane vil byggje ut R.v. 7 ei god tid etter at det er gjort i Hemsedal. Hemsedalsvegen går inn i alt. A i utgreiingane om hovudveg Oslo—Bergen.

Hol—Aurland


I ny veg Hol—Aurland blir det investert om lag 90 mill. kroner. Ved kraftutbygginga i Aurland investerer Oslo lysverker i veg frå Aurland til Hol. Det er skipa eit aksjeselskap for bomvegfinansiering av tunnel gjennom Geiteryggen. Vegen vil bli opna for trafikk sommaren 1974. Vegen Hol—Aurland går inn i alt. R for hovudveg Oslo—Bergen.

Vestfold grense— Geilo, R.v. 8.

Det er ikkje ført opp løyvingar til dei dårlegaste partia i Numedal, Eidsstryken—Djupdal. For utbetringa av parsellen Rødberg—Geilo er det ikkje teke standpunkt til heilårsveg etter ny linje eller utbygging av den gamle R.v. 8. Den nye vegen må byggjast gjennom Smådøldalen, vidare langs Pålbufjorden gjennom Halldalen og til Breifoss.

Gol—Oppland grense, R.v. 49.

R.v. 49, Gol—Oppland grense, er utbetra, og det er lagt fast dekke på Buskeruds del. Vidare utbetring må bli teken opp til ny vurdering når Klan-ten flyplass blir bygd ut.



TEGNFORKLARING:

- · — · — Fylkesgrense
- - - - - Kommunegrense
- Vegar
- Alternativ vegtrace

Kartfigur 18. Innkorting av R.v. 7, Sokna—Ørgenvika.

- Andre viktige vegar — Rukkedalsvegen i Nes.
 — Nordbygdvegen i Ål.
 — Tunhovd—Skurdalen i Hol.
 — Ulsåk—Båste—Lykkja—Ulsnes i Hemsedal.

- Eggedal—Bromma i Nes.
- Strømsoddbygda—Gulsvik i Flå.
- Veg langs vestsida av Krøderen til Flå.
- Nesbyen—Smedslund/Hedalen.
- Herad—Bagn.

Turistvegar

I utgreiingar om turistnæringa og lokaliseringssopplegget er det lagt stor vekt på at dei områda i fjellet der det er gjort grunnlagsinvesteringar m. a. i veg, må byggjast ut før nye område blir tekne i bruk. Dei områda der jord- og skogbruksinteressene fell saman med turistinteressene, må få prioritet føre område der ein berre har turistinteresser.

Jernbanen Åsalinja

Reisetida mellom Oslo og Bergen er i dag 6 t. og 50 min. Etter innkorting av banen Hønefoss—Oslo via Åsalinja vil reisetida Oslo—Bergen bli redusert med om lag 1 t., og reisetida mellom Gol og Oslo blir 1½ t. Etter ombygging av banen vil reisetida vera 5 t. og 30 min. mellom Oslo og Bergen.

Sjå kartfigur 19.

For Hallingdal vil ei innkorting av reisetida eller ein auke i persontogtilbodet mellom Oslo og Bergen ha liten eller ingen innverknad om ikkje toga stoppar i Hallingdal. Alle persontog må derfor stoppe på stasjonane Flå, Nes, Gol, Ål og Geilo.

Godstrafikk

Randsfjordbanen må utvikle dei lokale trafikkoppgåvene og dessutan vera ein viktig tilførselsbane til Bergensbanen og banenettet frå Drammen stasjon til Vestfoldbanen og Sørlandsbanen.

NSB har i sin langtidsplan gjort framlegg om ei omlegging av godstrafikken til knutepunkttrafikk. Dette fører i prinsippet til at stykkgodsvogner og vognlaster blir køyrde til knutepunktstasjonar i raske godstog. Vognlastene blir så køyrde til lossestadene medan stykkgods blir frakta med bil fram til kunden.

Flyplass

I regionen er det arbeid med fleire prosjekt for bygging av ein større flyplass, dvs. ein flyplass som kan ta mot dei større charterfly. I samarbeid mellom Hallingdal og Valdres er det utarbeidd ei utgreiing om flyplass på Klanten i Gol. Hol kommune har under utgreiing flyplass ved Geilo.

Gjennomføring av ein større flyplass på Klanten er avhengig av eit større statleg engasjement både til anlegg og drift av plassen. Dei aktuelle flyplassareala må ein inntil vidare ta vare på til flyplassføremål.



Rutebiltrafikken

Det må byggjast ut rutebilterminalar i tettstadene i regionen. Gol vil, fordi det ligg midt i regionen og har dei viktigaste avgreiningsvegane, vera det viktigaste kommunikasjonssentret.

Organisering av rutebiltrafikken og rutebilselskapa

Ein vil samle dei prinsipielle synspunkta slik:

- Flå, Nesbyen, Gol, Ål og Geilo blir bygde vidare ut som kommunikasjonssentra der ein legg hovudvekta på samordning mellom jernbane, rutebiltrafikk og andre transportmiddel og transportbehov.
- For trafikken Geilo—Odda/Eidfjord, Geilo/Hol—Aurland, Gol—Lærdal, Gol—Leira/Fagernes—Lillehammer må det til ei samordning mellom rutebilselskapa i regionen og andre regionar.
- Annan rutebiltrafikk i regionen må bli utført av selskap i regionen.



Kartfigur 19. Bergensbanen Hønefoss—Oslo via Åsalinja.

— I dag er det ei rekkje mindre rutebilselskap i regionen som har konsesjonar for rutebiltrafikk i regionen. Det gjer rasjonelle opplegg for dei større rutesamband vanskelege og fører til at det er vanskeleg å gje utkantstrøka i regionen eit fullverdig transporttilbod. Konsesjonærane i øvre Hallingdal, med unnatak av eit fåtal, har gått saman i Hallingdal Billag A/S.

Dei alternativ som har vore drøfta om organiseringa av rutebiltrafikken er:

Alt. 1. Alle rutebilselskap blir slått saman i eitt selskap.

Alt. 2. 1. Konsesjonane ovanfor Gol blir slått saman i eitt selskap.

2. Hemsedalsbilane og Gol—Lærdal—Maristubilane samordnar rutebiltrafikken i dette området som tidlegare.

3. Konsesjonane i nedre delen av Hallingdal blir slått saman til eitt selskap.

Organiseringa av rutebiltrafikken i Hallingdal bør på litt sikt skje etter alt. 1. Som fyrste steg mot eit slikt mål tilrår ein alt. 2 som det konkrete arbeidsopplegg i den fyrste tida. Ein vil rå til at kommunane og NSB blir med i rutebilselskapa.

F. SAMORDNA REGIONAL UTBYGGING

Regionalt samarbeid

Ein viktig føresetnad for å få ei best mogleg utnytting av ressursane i regionen er at det blir lagt opp til ei samordna regional utbygging.

I lokaliseringsmønsteret for regionen er det lagt opp til ei funksjonsdeling mellom kommunane med m. a. ei fordeling i utbyggingsoppgåvene.

Dei kommunale ressursane er små i forhold til det som trengst. Å byggje ut samfunna blir likevel ei meir og meir viktig oppgåve for kommunane. Ei omfattande regional samordning der dei enkelte kommunar gjennomfører fastlagde utbyggingsoppgåver er difor nødvendig.

Føresetnader

Ei hovudoppgåve for gjennomføringa av regionplanen blir såleis å få til eit frivillig forpliktande samarbeid mellom kommunane, då regionplanrådet knapt etter bygningslova har verkemiddel til å gjennomføre eit samarbeid utan at dei er einige.

Prioritering

Som tidlegare omtala er utbyggingsoppgåvene mange, og fleire og fleire oppgåver blir direkte pålagde det offentlege og kommunane. Dette gjer det naudsynt med ei prioritering. I prioriteringa må ein leggje eit heilskapssyn til grunn i samsvar med hovudmålet.

Utbyggingsoppgåver

Etter kvart som krava til miljøvern og fellesanlegg aukar, vil samarbeid og samordning bli meir og meir nødvendig. Ei utbygging for den faste busetjinga og tiltak for å fremje næringslivet vil det oftast berre vera kommunane som er i stand til å makte. Føresetnaden for eit slikt engasjement vil då vera at byggeområda blir lokaliserte og utbygde etter ein samla plan.

Overføringar

Dei oppgåvene som Hallingdal må løyse for å betre busetjinga og utviklinga i næringslivet, krev store investeringar til planlegging og utbygging.

Den økonomiske situasjonen vil bli vanskeleg i åra framover. Til ein oppnår ein inntektsauke av dei investeringane som er gjorde, vil det vera nød-

vendig med meir overføring til kommunane både ved direkte tilskott og gunstige lånevilkår.

- Utbyggingspolitikk** I utbygginga vil det vera særleg viktig å nytte ut dei eksisterande grunnlagsinvesteringane mellom anna for å betre investeringssevna i kommunane. Vidare må det vera målet at grunnlagsinvesteringane i m. a. veg, vatn og avlaup blir dekte av forbrukarane, også hovudanlegga.
- Administrasjon** Formidlinga av tomter, planlegging, utbygging og drift av fellesanlegg og fordeling av kostnader er så store oppgåver at administrasjonane må byggest ut slik at dei får kapasitet til å greie det.
- Det er naturleg at kommunane har ansvaret for og tek på seg planlegging og utbygging for sine egne innbyggjarar.
- Fjellet** For fritidsbyggverk, hytter, kjenner kommunane ikkje det same ansvar for å engasjere seg i detaljplanlegging og utbygging.
- Det talar då for at ein legg til grunn det hovudprinsippet at utbyggingsinteressent/hytteelgar dekkjer alle kostnader for utbygging av hytteområda og tek på seg gjennomføring/drift av fellesanlegga etter nærare avtaler med kommunen.

Kap. IV. Vidare arbeidsoppgåver

Visse arbeidsoppgåver er tekne opp eller det er vedteke at dei skal bli tekne opp i regional regi. Dette går inn både som ein lekk i ajourføringa av planen og som ein lekk i meir detaljering av visse delar av planen og er:

- Vidareføring av vassdragsundersøkinga. Vurdering av rensetiltak med prioritering av utbygginga. Slamproblema som renseanlegga fører med seg, må ein sjå på i nær samanheng med renovasjonsutgreiinga.
- Vidareføring av friluft- og naturverninventeringa. Kommunane utfører nå ei fyrste registrering/vurdering i generalplanarbeidet. Når dette er avslutta, har ein meint å følgje dette opp med ei registrering av geologi, zoologi, botanikk, og ei landskapsvurdering. Dette har ein funne at vil vera rasjonelt å gjennomføre i regional regi då ein må søkje kontakt med eit fleirtal institusjonar, høgskular, musé og andre.
- Vidareføring av utgreiinga om kommuneøkonomien, og ei utgreiing om eit samla bustadprogram for regionen. Dette vil fyrst vera aktuelt når utbyggingsplanane i generalplanane blir ferdige.
- Vidareføring av vedtektsspørsmålet. I denne omgangen har regionplanrådet ikkje teke opp spørsmålet om bruk av regionalplanvedtekt, men bede kommunane om å nytte mellombels byggjeforbod med vedtekt til § 82 i bygningslova. Dette for å ha ei mellombels sikring av nedslagsfelt for vassforsyning og for å gjennomføre eit planopplegg for utmarksområda. Denne tilrådinga er ennå ikkje behandla av alle kommunane.
- Vidare utgreiing innan kommunikasjonssektoren, mellom anna innkortinga av R.v. 7 Sokna—Ørgenvika.

Ot.prp. nr. 7 (1972—1973) frå Miljøverndepartementet om endringar i bygningslova har framlegg om fylkesplanlegging. Dette vil reise spørsmålet om ei oppgåvefordeling i utgreiingsarbeidet i dei spørsmåla som her er omtala.

Kap. V. Sluttord

Utviklinga i Hallingdal har i tida etter 1945 vore lik den ein har hatt i dal- og fjellbygdområda på Austlandet elles, einsidig næringsliv, utflytting og skeiv alderssamansetning.

Dei tiltaka som nå er utførte og som er i emning, har snudd mykje på den utviklinga ein hadde i Hallingdal.

Det har vore ein sterk vekst i nye arbeidsplassar, og ein har fått eit meir balansert næringsliv. I tidbolken 1960—1970 har ein hatt ein sterkare vekst i inntektene pr. innbyggjar enn i gjennomsnitt for landet. Vidare har folketallet auka like mykje på dei 3 åra frå 1970—1973 som ein hadde i 10-årsbolken 1960—1970.

Årsakene til ei slik utvikling er mange. Her vil ein særskilt nemne verdien av eit tillitsfullt interkommunalt samarbeid. I Regionplan for Hallingdal har ein kome fram til ei meining om utviklinga frametter sett frå ein regional synsvinkel. Ein har lagt til grunn dei synspunkt som kom fram under behandlinga av regioninndelinga i fylkestinget i Buskerud i 1965. Her vart det peika på at ein måtte leggje stor vekt på at regionplanen vart aksjons/tiltaksretta for å betre den uheldige utviklinga ein hadde i folketallet i dei indre delane av Buskerud.

Dei vekstrammar og dei lokalliseringsmønster som er trekt opp i planen, er likevel i samsvar med hovudmålet for den regionale utviklinga, som er å ta vare på naturmiljøet som grunnlag for helse og trivsel.